

	lav	høy
kv.	7,6	5,3
menn	2,4	6,2




Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet

→ se Weber (1971)

- sluttrapport frå evalueringa



Tone Magnussen
Erika Sjøfting
Bent A. Brandtzæg
Per I. Haukeland



VERDISKAPINGSPROGRAMMET PÅ KULTURMINNEOMRÅDET

- sluttrapport frå evalueringa

av

**Tone Magnussen
Erika Søvting
Bent A. Brandtzæg
Per I. Haukeland**

NF-rapport nr. 5/2011

ISBN-nr.: 978-82-7321-612-0

ISSN-nr.: 0805-4460

REFERANSESIDE

- Rapporten kan også bestilles via nf@nforsk.no

Tittel Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet - sluttrapport frå evalueringa	Offentlig tilgjengelig: Ja	NF-rapport nr.: 5/2011
	ISBN nr. 978-82-7321-612-0	ISSN 0805-4460
	Ant. sider og bilag: 74	Dato: Mars 2011
Forfattere Tone Magnussen, Erika Sjøfting, Bent A. Brandtzæg og Per I. Haukeland	Prosjektansvarlig (sign): Tone Magnussen	
	Forskningsleder: Grete K. Hovelsrud	
Prosjekt Evaluering av Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet	Oppdragsgiver Norges forskningsråd	
	Oppdragsgivers referanse Trond Værnes	
Sammendrag Denne evalueringa oppsummerar erfaringar frå Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet i perioden 2007-2010.	Emneord Kulturminne Verdiskaping Regional utvikling	
	Keywords Cultural heritage Verdiskaping Regional development	
Andre rapporter innenfor samme forskningsprosjekt/program ved Nordlandsforskning	Salgspris NOK 100,-	

Nordlandsforskning utgir tre skriftserier, rapporter, arbeidsnotat og artikler/foredrag. Rapporter er hovedrapport for et avsluttet prosjekt, eller et avgrenset tema. Arbeidsnotat kan være foreløpige resultater fra prosjekter, statusrapporter og mindre utredninger og notat. Artikkel/foredragsserien kan inneholde foredrag, seminarpaper, artikler og innlegg som ikke er underlagt copyright rettigheter.

FORORD

Bakgrunnen for Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet er eit ønske om at kulturminna og kulturmiljøa i større grad blir tatt i bruk som ressursar i utviklinga av levande lokalsamfunn og som grunnlag for ny næringsverksemd. Verdiskapingsprogrammet skal medvirke til at kulturarven blir tatt i bruk som ressurs i samfunnsutviklinga ved å:

- Bruke kulturarven til beste for befolkning, næringsliv, lokalsamfunn og regionar
- Ta betre vare på kulturarven
- Utvikle og spreie kunnskap om kulturarven som ressurs

Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet blir gjennomført i to fasar, der første programfase varer frå 2006 til 2010. På bakgrunn av erfaringar og resultat frå denne fasen vil vidare omfang og innhald i programmet bli vurdert. Riksantikvaren har ansvar for etablering og gjennomføring av programmet, der Miljøverndepartementet er oppdragsgivar.

Evalueringsarbeidet starta i 2007, i samarbeid mellom Telemarksforsking og Nordlandsforsking. Denne sluttevalueringa er ei heilskaplig oppsummering av arbeidet i Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet, og bygger på alle dei gjennomførte delstudia.

Ei referansegruppe sett saman av Jostein Løvdal, Stene Berg og May Britt Håbjørg frå Riksantikvaren, Ragnhild Guribye, Tonte Hegard og Ann Elin Bratset frå Miljøverndepartementet, Olav Bardalen frå Innovasjon Norge og Trond Værnes frå Norges forskningsråd, har følgd evalueringsarbeidet. Trond Værnes har leia referansegruppa sitt arbeid. Referansegruppa har bidrege med gode og innsiktsfulle innspel til evalueringa.

Pilotprosjektlearane har raust delt sine erfaringar, og tilført evalueringsarbeidet verdfulle bidrag. I tillegg har også andre nøkkelpersonar tilknytt pilotprosjekta stilt opp og brukt av si tid på å legge til rette for evalueringsarbeidet på best mulig måte. Hjartelig takk til alle!

Bodø/Bø 15. april 2011

INNHALD

FORORD.....	1
SAMANDRAG.....	4
1. INNLEIING.....	8
1.1 VERDISKAPINGSPROGRAMMET PÅ KULTURMINNEOMRÅDET.....	8
1.2 FØLGJEEVALUERINGA AV VERDISKAPINGSPROGRAMMET PÅ KULTURMINNEOMRÅDET.....	8
1.2.1 Om evalueringa.....	8
1.2.2 Om følgjeevalueringa.....	9
1.3 METODISK TILNÆRMING.....	12
1.4 LESARRETTEIING.....	14
2. OM PILOTPROSJEKTA.....	15
2.1 INNLEIING.....	15
2.2 HAMNINGBERG, MED VARSOMHET SOM FØRESETNAD.....	15
2.3 DEN VERDIFULLE KYSTKULTUREN I NORDLAND.....	16
2.4 NORSK TRADISJONSFISK.....	17
2.5 ATLANTERHAVSVEGEN BUD-KRISTIANSUND.....	18
2.6 PERLER I NORDSJØLØYPA.....	19
2.7 ODDAPROSESSEN.....	20
2.8 PORTO FRANCO, KRISTIANSANDS KULTURELLE FRIHAVN.....	20
2.9 HAMMERDALEN.....	21
2.10 PILEGRIMSLÉDEN.....	21
2.11 OPPLAND – VALDRES.....	22
2.12 OPPLAND – NORD-GUDBRANDSDALEN.....	23
2.13 NÆRØYFJORDEN VERDSARVPARK.....	24
3. KULTURARVEN.....	26
3.1 INNLEIING.....	26
3.2 KULTURMINNERESSURSEN.....	26
3.3 BRUK AV KULTURMINNERESSURSEN.....	28
3.4 I STANDSETJING, DOKUMENTASJON OG FORMIDLING.....	30
3.5 FØRER AUKA MEDVIT OM KULTURMINNE TIL MEIR ENGASJEMENT OG TILGANG PÅ RESSURSAR?.....	31
3.6 OPPSUMMERING.....	32
4. KUNNSKAP OG LÆRING.....	33
4.1 INNLEIING.....	33
4.2 KOMPETANSE OG KUNNSKAP I PILOTPROSJEKTA.....	33
4.3 ARENAER FOR KUNNSKAPSUTVIKLING OG FORMIDLING.....	34
4.4 OPPSUMMERING.....	36
5. VERDISKAPING.....	37

5.1	INNLEIING	37
5.2	Å MÅLE VERDISKAPING	37
5.3	OM VERDISKAPINGEFFEKTAR OG VERDISKAPINGSOMGREPET	38
5.3.1	<i>Utvikling av eit omgrepsapparat for å måle verdiskaping</i>	38
5.3.2	<i>Miljømessig verdiskaping</i>	39
5.3.3	<i>Kulturell verdiskaping</i>	41
5.3.4	<i>Sosial verdiskaping</i>	42
5.3.5	<i>Økonomisk verdiskaping</i>	44
5.3.6	<i>Verdiskaping på tvers – eitt breitt verdiskapingsomgrep</i>	46
5.4	OPPSUMMERING	47
6.	ORGANISERING AV SAMARBEID OMKRING VERDISKAPING BASERT PÅ KULTURMINNE	49
6.1	INNLEIING	49
6.2	SAMARBEID PÅ TVERS	49
6.3	UTVIKLING AV SAMARBEIDSKOMPETANSE	51
6.3.1	<i>Prosjektlearrolla</i>	51
6.3.2	<i>Mellomromskompetanse</i>	53
6.4	OPPSUMMERING	55
7.	PROGRAMORGANISERING OG PROGRAMVURDERING	57
7.1	INNLEIING	57
7.2	SAMARBEID PÅ PROGRAMNIVÅ	57
7.3	SAMARBEIDSPARTAR NASJONALT	58
7.4	BREIE RESULTAT AV VERDISKAPING	59
7.5	SAMARBEID OM LOKAL UTVIKLING	61
7.6	OPPSUMMERING	61
8.	SAMMANFATTANDE VURDERINGAR	63
8.1	INNLEIING	63
8.2	PROGRAMUTFORMING	63
8.3	STYRKING AV SAMARBEID	63
8.4	FORHOLDET TIL ANDRE VERKEMIDDEL OG VERKEMIDDELAPPARAT	64
8.5	ADDISJONALITET	65
8.6	VERDISKAPING	65
8.7	BEVARING AV KULTURARVEN	66
8.8	KUNNSKAPSDANNING OG LÆRING	67
8.9	KVALITETEN PÅ PILOTPROSJEKTA	68
	REFERANSAR	69
	PUBLIKASJONSLISTE FRÅ EVALUERINGA AV VERDISKAPINGSPROGRAMMET PÅ KULTURMINNEOMRÅDET	73

SAMANDRAG

Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet starta opp i 2006, med bakgrunn i NOU 2002:1 *"Fortid former framtid"* og St.meld. nr 16 (2005-2006) *"Leve med kulturminner"*. Bakgrunnen for programmet er eit ønske om at kulturminna og kulturmiljøa i større grad blir tatt i bruk som ressursar i utviklinga av levande lokalsamfunn og som grunnlag for ny næringsverksemd. Målet er at verdiskapingsprogrammet skal medvirke til at kulturarven skal brukast som ressurs i samfunnsutviklinga ved å:

- Bruke kulturarven til beste for befolkning, næringsliv, lokalsamfunn og regionar
- Ta betre vare på kulturarven
- Utvikle og spreie kunnskap om kulturarven som ressurs

I perioden 2006 - 2010 har elleve pilotprosjekt vore ein del av Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet. Desse er Hamningberg, Den verdfulle kystkulturen i Nordland, Norsk Tradisjonsfisk, Atlanterhavsvegen Bud-Kristiansund, Perler i Nordsjøløypa, Oddaprosessen, Porto Franco – Kristiansands kulturelle frihavn, Hammerdalen, Pilegrimsleden, Oppland¹ og Nærøyfjorden Verdsarvpark.

Formålet med sluttevalueringa er å skildre og vurdere satsinga innafør Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet i eit prosessperspektiv, og etablere ei forståing av nokre av dei føresetnader, muligheter og barrierar som er knytt til utviklingsarbeid av denne typen. Evalueringa har ei syntetiserande og oppsummerande form, og trekk opp nokre av dei lange linene som har prega arbeidet innanfor Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet. Datagrunnlaget for evalueringa er basert på eit breidt tilfang av kvalitative og kvantitative data, samla inn i perioden 2007-2011.

Evalueringa har tatt utgangspunkt i programnivået, pilotprosjektnivået og det lokale gjennomføringsnivået, og rettar merksemda mot desse temaene:

- Programutforming
- Styrking av samarbeid

¹ Pilotprosjektet i Valdres omfattar to prosjekt: Valdres og Nord-Gudbrandsdal.

- Forholdet til andre verkemiddel og verkemiddelapparat
- Addisjonalt
- Verdiskaping
- Bevaring av kulturarven
- Kunnskapsdanning og læring
- Kvaliteten på pilotprosjekta

Programutforming dreiar seg om korleis Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet har vore utforma, finansiert og administrert, og korleis dette har påverka arbeidet innafor programmet. Evalueringa viser at programmet på i stor grad er blitt sett i verk i forhold til programplanen. Undervegs i programperioden er pilotprosjekta blitt meir tilfredse i forhold til dei faglige ressursane som programmet tilbyr, men vurderer dei økonomiske ressursane som programmet tilbyr som knappe. Trulig eksisterer det her eit avvik mellom forventningar hos pilotprosjekta, og dei behova Verdiskapingsprogrammet er meint å dekke.

I forhold til *styrking av samarbeid* er spørsmålet i kva grad Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet har bidrege til auka samarbeid mellom aktørar på tvers av fag- og myndighetsgrenser. Evalueringa viser at programleiinga har prioritert arbeidet med å skape ei felles forståing av innhaldet i verdiskapingsomgrepet. Det er etablert arenaer for dialog og formidling som har lagt grunnlaget for ei ny samarbeidsplattform på tvers av sektorar og nivå. Andre nasjonale aktørar på feltet nærings- og samfunnsutvikling oppfattar Verdiskapingsprogrammet som eit signal om at kulturminnefeltet har opna seg for samarbeid med andre utviklingsaktørar.

Forholdet til andre verkemiddel og verkemiddelapparat dreiar seg om i kva grad Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet er godt koordinert med andre verkemiddel. Programleiinga har hatt eit sterkt uttrykt ønske om samarbeid og kontakt med andre verkemiddelaktørar og har tatt initiativ til ei nasjonal referansegruppe for verkemiddelsamordning. Dette har i liten grad gjeve konkrete resultat. Samstundes viser evalueringa at pilotprosjekta har hatt tydelige forventningar til nasjonal samordning av verkemiddel for utviklingsarbeid basert på kulturminne. Evalueringa viser ein tendens til at potensialet for samordning av verkemiddel trulig er større på det regionale nivået enn på det nasjonale. Fleire av pilotprosjekta har aktivt tatt i bruk det regionale mulighetsrommet og skapt arenaer for både samhandling på tvers og samordning av verkemiddel. I Verdiskapingsprogrammet finst fleire tydelige døme på at kulturarv er tatt i bruk

som lokal og regional utviklingsressurs. Dette har i stor grad skjedd ved at kulturminnebasert utvikling har blitt ein del av regionalt plan- og utviklingsarbeid, og ved at kulturminne som ressurs er brakt inn på ordinære utviklingsarenaer.

Addisjonalt handlar om kva evne Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet har til å utløyse innsats og endra atferd i pilotprosjektområda. Ved oppstarten av programmet hadde svært mange av pilotprosjekta klare ambisjonar om å utløyse andre ressursar ut over dei økonomiske ressursane som var til rådvelde innafor programmet. Desse ambisjonane i stor grad er innfridde ved at stadig fleire av pilotprosjekta rapporterer at Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet har fungert som katalysator for å utløyse andre ressursar regionalt og lokalt. Deltaking i Verdiskapingsprogrammet blir oppfatta som eit kvalitetsstempel og bidrar til "å opne dører". Gjennom Verdiskapingsprogrammet har det gått føre seg ei kompetansehevande kunnskapsutvikling blant pilotprosjekta, som har gjort dei betre i stand til å utnytte eksisterande verkemiddelordningar.

Spørsmålet om *verdiskaping* dreiar seg om kva effektar Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet har for miljømessig, kulturell, sosial og økonomisk verdiskaping. Evalueringa viser at i forhold til *miljømessig verdiskaping* har Verdiskapingsprogrammet vist ein sterk og klår samanheng mellom dei materielle og immaterielle kulturminna og det landskapet kulturminna er ein del av. Det er ein tydelig positiv vekselverknad mellom det å ta vare på kulturminne og å ta vare på landskapskvalitetar. På området *kulturell verdiskaping* har programmet ført til ei synleggjering av kulturarven som har styrka stadlig identitet og særpreg. Kulturarven er tatt aktivt i bruk i merkevareutforming og omdømmebygging. I forhold til *sosial verdiskaping* fører istandsetjing av kulturminne til auka lokalt medvit og engasjement. Grad av samarbeid i verdiskapingsarbeidet er stor, og utviklingsarbeidet med utgangspunkt i kulturminna har styrka kjensla av fellesskap på stader. Spesielt ser det ut til at immateriell kulturarv har hatt tydelige effektar i forhold til å skape lokalt engasjement. På området *økonomisk verdiskaping* viser evalueringa at det er utvikla i alt 30 forretningsplanar innafor pilotprosjektet. Det er etablert i alt 66 nye private verksemder. I same periode er det etablert 9 nye offentlige verksemder og 16 nye frivillige verksemder. Samla sysselsetjingsvekst knytt til etablering av nye verksemder og utviding av eksisterande verksemder er på 124 årsverk for heile programperioden.

Bevaring av kulturarven er knytt til spørsmålet om kva påverknad Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet har for innsatsen for å ta vare på og ta i bruk kulturarven, er det sjetta hovudtema i evalueringsarbeidet. Kulturminna som er tatt i bruk innafor programmet representerer eit breitt spekter av den materielle og immaterielle kulturarven, med ein dominans av bygningar og bygningsmiljø. I alt er det utarbeidd 520 søknader om støtte til istandsetjing, og ved utgangen av 2010 var totalt 310 tiltak ferdigstilte. Pilotprosjekta har eit tydelig fokus på samanhengen mellom materiell og immateriell kulturarv, noko som mellom anna kjem til uttrykk gjennom vektlegginga av formidling og interpretasjon.

Kunnskapsdanning og læring dreiar seg om dokumentasjon og synleggjering av den kunnskapsutvikling og læring som skjer i Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet. Evalueringa viser at det å ta i bruk kulturarven som ressurs for utvikling av samfunn og næringar representerer ein ny måte å tenke og arbeide på for mange aktørar. Utviklingsarbeid av denne typen er krevjande og tar tid, og ein må derfor forvente at konkrete effektar vil bli synlige i eit meir langsiktig perspektiv. Programmet har utvikla kompetanse på istandsetjing, skjøtsel, kulturminnevern og kulturminneforvaltning I forhold til den kulturminnefaglig kompetansehevinga som har funne stad innafor programmet, har samarbeidet med Norsk Kulturminnefond vore svært viktig. Faglig sterke og kompetente prosjektleiarar har spela ei nøkkelrolle i Verdiskapingsprogrammet. Desse har, saman med programleiinga, vore pådrivarar for å skape nye arenaer for samarbeid på tvers av sektorar, ved å utvikle nye former for samhandlingskompetanse i tillegg til å utvikle gode modellar for samarbeid. I dette arbeidet har samhandlings- og prosesskompetanse vore ein viktig føresetnad.

Kvaliteten på pilotprosjekta dannar ein viktig føresetnad for dei mulighetene Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet har til å nå sine overordna målsetjingar. Kvalitet dreiar seg om kva evne pilotprosjekta har til å løyse dei oppgåver ein har gått inn i, bidra til å oppnå målsetjingane til prosjektet, og utløyse lokal innsats. Evalueringa viser at kvaliteten på pilotprosjekta blitt styrka gjennom programperioden når det gjeld føresetnader for oppgåveløysing, grad av måloppnåing og evne til å utløyse lokal innsats. Pilotprosjekta har lykkast i å skape lokal oppslutting og engasjement, og har dermed utløyst omfattande lokal innsats i form av sosial og kulturell verdiskaping.

1. INNLEIING

1.1 VERDISKAPINGSPROGRAMMET PÅ KULTURMINNEOMRÅDET

Utgangspunktet for programmet er NOU 2002:1 *"Fortid former framtid"* og seinare St.meld. nr 16 (2005-2006) *"Leve med kulturminner"*, som slår fast at det skal etablerast eit verdiskapingsprogram på kulturminneområdet for å:

1. Bidra til at kulturminne og kulturmiljø blir tatt i bruk i utviklinga av lokalsamfunn og næringsliv
2. Utvikle modellar for samarbeid mellom eigarar, rettighetshavarar, næringsliv, offentlige aktørar, museer og frivillige organisasjonar
3. Spreie kunnskap om korleis berekraftig bruk av kulturminne og kulturmiljø kan fremje næringsutvikling og styrker lokalsamfunn og regionar
4. Klargjere kva føresetnader som må vere til stades, og avdekke eventuelle flaskehalsar som må fjernast for å fremje verdiskaping

Bakgrunnen for programmet er eit ønske om at kulturminna og kulturmiljøa i større grad blir tatt i bruk som ressursar i utviklinga av levande lokalsamfunn og som grunnlag for ny næringsverksemd. Målet er at verdiskapingsprogrammet skal medvirke til at kulturarven skal brukast som ressurs i samfunnsutviklinga ved å:

- Bruke kulturarven til beste for befolkning, næringsliv, lokalsamfunn og regionar
- Ta betre vare på kulturarven
- Utvikle og spreie kunnskap om kulturarven som ressurs

Verdiskapingsprogrammet blir gjennomført i to fasar, der første programperiode varer frå 2006 til 2010. På bakgrunn av erfaringar og resultat frå denne perioden vil vidare omfang og innhald i programmet bli vurdert.

1.2 FØLGJEEVALUERINGA AV VERDISKAPINGSPROGRAMMET PÅ KULTURMINNEOMRÅDET

1.2.1 Om evalueringa

Formålet med denne sluttevalueringa er å skildre og vurdere satsinga innafør Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet i eit prosessperspektiv, for dermed å kunne etablere ei forståing av nokre av dei føresetnader, muligheter og

barrierar som er knytt til utviklingsarbeid av denne typen. Sluttevalueringa legg vekt på å vere syntetiserande og oppsummerande, ved å trekke opp nokre av dei lange linene som har prega arbeidet innanfor Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet. I denne sluttrapporten legg vi derfor vekt på å summere opp erfaringar som har vore gjort, framfor å gå inn i dei mange detaljar som pregar programmet. Det inneber at sluttrapporten løftar blikket, og teiknar eit bilete med brei pensel.

Årsaka til at dette lar seg gjere, er at arbeidet innafor Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet er svært godt dokumentert. Pilotprosjekta har gjennom heile prosjektperioden rapportert regelmessig til Riksantikvaren. I tillegg har evalueringssoppdraget bidrege med brei dokumentasjon av arbeidet innafor Verdiskapingsprogrammet. Evalueringssoppdraget starta med at det blei gjort ein oppstartsanalyse (Magnussen m. fl 2007), som skildra status for dei elleve pilotprosjekta. Det er gjennomført årlige resultatrapporteringar (Brandtzæg og Haukeland 2008, 2009 ,2010 og 2011), der utviklinga av kvantitative indikatorar i forhold til programmet sine målsetjingar har stått i fokus. Evalueringa omfattar to studiar av programnivået i Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet (Magnussen m. fl 2009, Magnussen og Sjøfting 2010). I tillegg er det gjennomført ei midtvegsevaluering av programmet² (Magnussen m. fl 2009) og ein dybdestudie (Brandtzæg m. fl 2010) med fokus på brei verdiskaping og organisering av kulturminnebasert utviklingsarbeid.³ Dei funn og analysar som dette materialet representerer, er aktivt tatt i bruk i arbeidet med denne sluttevalueringa.

1.2.2 Om følgjeevalueringa

Målet med evalueringa av verdiskapingsprogrammet er å vurdere om programmet fungerer etter formålet. Kva som er formålet med programmet er definert gjennom utvikling av mål på program- og prosjektnivå som vidare har danna grunnlag for utforming av ein målstruktur for pilotprosjekta.

Analysemodellen som ligg til grunn for evalueringa er tredelt, og fokuserer på⁴:

1. Vilkår for gjennomføring av programmet (*programnivå*).

² Midtvegsevalueringa er mellom anna basert på datamateriale frå casestudier i utvalde pilotprosjekt

³ Som eit tilleggsoppdrag til evalueringa, har Telemarksforsking gjennomført ein dybdestudie av pilotprosjektet i Hammerdalen (Haukeland 2010).

⁴ Analysemodellen er evalueringsteamet sin operasjonalisering av konkurransegrunnlaget som låg til grunn for evalueringarbeidet, og er framstilt i ei oppsummerande form i vedlegg 1.

2. Kritiske relasjonar mellom element i programmet på overordna nivå (programnivå) og vilkåra for gjennomføring av pilotprosjekta (*pilotprosjektnivå*), inkludert kontekstuelle forhold i fylkes- og kommuneorganisasjon og kommunesamfunn.
3. Korleis programnivå og pilotprosjektnivå samla blir påverka av og påverkar vilkåra for gjennomføringa av tiltak og prosesser på lokalt nivå i dei enkelte pilotprosjekta (*lokalt gjennomføringsnivå*).

Ein slik heilskaplig fleirnivå-modell som blir nytta her inneber at ein del av evalueringa har vore ei følgjeevaluering av arbeidet i det enkelte lokale pilotprosjekt basert på eit *nedanfrå-og-opp-perspektiv* på Verdiskapingsprogrammet som verkemiddel for å bruke kulturarven som ressurs i samfunnsutviklinga . Den andre delen av evalueringa er basert på eit perspektiv på korleis det nasjonale nivået legg til rette for optimale vilkår for gjennomføring av regional og lokal aktivitet. Fleire av problemstillingane er retta mot programnivået men kartlegginga av pilotprosjekta er ei viktig erfaringskjelde for vurderingane av desse problemstillingane sidan pilotprosjekta er det viktigaste verkemidlet for å oppnå programmet sine målsetjingar.

På bakgrunn av dette analytiske rammeverket, har evalueringsarbeidet tatt utgangspunkt i konkrete problemstillingar knytt til dei ulike nivåa i Verdiskapingsprogrammet:

På *programnivået* er dette sentrale tema:

1. *Programutforming, finansiering og administrasjon*, med fokus på programplan, prosjektleiing og hemmande/fremjande faktorar
2. *Styrking av samarbeid* med fokus på samarbeid mellom aktørar på tvers av fag- og myndighetsgrenser, mobilisering, nettverksbygging og konkret samhandling
3. *Forholdet til andre verkemiddel og verkemiddelapparat* med fokus på grad av koordinering og auka vektlegging av kulturarv som samfunnsressurs
4. *Addisjonalitet* med fokus på programmet si evne til å utløyse innsats og endra atferd i lokalsamfunna

På *pilotprosjektnivået*, det vil seie i skjeringsfeltet mellom programnivået, det regionale nivået og det lokale gjennomføringsnivået, er dette viktige tema:

5. *Verdiskaping* med fokus på effektar for miljømessig, sosial, kulturell og økonomisk verdiskaping og samanhengane mellom desse. Dette omfattar

- også integrering av kulturarven på utviklingsarenaer og i verdiskapingsprosesser, samt utvikling av modellar, metodar og verktøy for samarbeid.
6. *Kulturarven* med fokus på følgjande tema: utløysing av engasjement og ressursar på alle myndighetsnivå og frå andre sektorar, berekraftig bruk der det blir tatt omsyn til tolegrensar, effektar på fysisk kulturarv, eventuelle målkonfliktar mellom målsetjingane om bruk og vern
 7. *Kunnskap* med fokus på kunnskapsutvikling og læring på lokalt, regionalt og sentralt nivå, spreiding og bruk av kunnskap og erfaringar

På *det lokale gjennomføringsnivået* er følgjande problemstilling sentral:

8. *Kvaliteten på dei enkelte pilotprosjekta*. Dette dreiar seg om gjennomføringsvilkår og måloppnåing, og rettar fokus mot pilotprosjekta si evne til å løyse dei oppgåver dei har gått inn i, bidra til oppnåing av målsetjingar for program og pilotprosjekt, samt utløyse endra innsats og atferd i lokalsamfunna.

Av ressursmessige omsyn har det i denne samanhengen ikkje vore mulig å gjennomføre ei systematisk vurdering av det enkelte pilotprosjekt med omsyn til kvalitet og måloppnåing. I denne sluttevalueringa er det derfor gjort ei samla vurdering i forhold til pilotprosjekta når det gjeld gjennomføringsvilkår og måloppnåing. For meir detaljert informasjon, viser vi til evalueringar gjort av enkelte pilotprosjekt; Atlanterhavsvegen Bud-Kristiansund (Asplan Viak 2008), Pilegrimsleden (Krokann og Nesbakk 2009), Hammerdalen (Haukeland 2011) og Den verdifulle kystkulturen i Nordland (Magnussen 2008, Magnussen og Wiggen 2011).

Oppdraget om evaluering av Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet blei lyst ut på offentlig anbod hausten 2006. Nordlandsforskning og Telemarksforskning utarbeidde i samarbeid eit tilbod om løysing av oppdraget basert på konkurransegrunnlaget av 01.09.2006. Desse dokumenta – konkurransegrunnlag og prosjektskisse for løysing av oppdraget – har vore styrande for evalueringsoppdraget i heile perioden. I tillegg er det i samarbeid med oppdragsgivar og referansegruppe utarbeidd detaljerte arbeidsplanar for periodane 2007-2008 og 2009-2011. Miljøverndepartementet har vore oppdragsgivar for følgjevalueringa for å kunne vurdere om dei sentrale målsetjingane i programmet blei nådd. Norges Forskningsråd har på oppdrag frå Miljøverndepartementet vore ansvarlige for dei faglige rammene for evalueringsoppdraget, samt val av oppdragstakarar.

I dette evalueringsoppdraget har relasjonen mellom evaluator, pilotprosjekt, programleiar og referansegruppe vore prega av dynamikk og tett samspel. Arbeidet med å konkretisere det metodiske opplegget for evalueringa blei lagt fram på ei pilotprosjektsamling våren 2007, og førte til ein god og engasjert faglig diskusjon, med verdfulle innspel til utforminga av evalueringsoppdraget. Undervegs i programperioden har tilbakemeldingar frå evaluator blitt formidla gjennom skriftlige rapporteringar og muntlig formidling på ulike arenaer i Verdiskapingsprogrammet. Desse tilbakemeldingane har blitt møtt med stor interesse, og har vore gjenstand for gode og innsiktsfulle drøftingar knytt til utforming av pilotprosjekt og program. Dei mange bidraga og innspela frå pilotprosjekt og programnivå har gjort evalueringsoppdraget både interessant og krevjande, men har først og fremst bidrege til å utvikle eit felles kunnskapsgrunnlag for verdiskaping med utgangspunkt i kulturminne som ressurs.

1.3 METODISK TILNÆRMING

Denne oppsummerande sluttevalueringa er basert på eit breitt og samansett datamateriale⁵, der både kvalitative og kvantitative data inngår. Evalueringa har gått føre seg i tidsrommet 2007-2010, og har dermed hatt høve til å samle inn data over tid, som er eigna til å gje innsikt i prosessar og utvikling over tid. Dei viktigaste datakjeldene for denne avsluttande delen av evalueringsarbeidet er derfor:

Dokumentstudier omfattar gjennomgang av relevant skriftlig materiale på program- og pilotprosjektnivå, som plandokument, notat, møttereferat og ulike former for rapporteringar. Dokumentstudier er gjennomført i ulike fasar av programmet. I samband med oppstartanalysar (Magnussen m.fl 2007) blei det gjort en grundig gjennomgang av søknader, plandokument og møttereferat i alle pilotprosjekta. Evalueringane av programnivået (Magnussen m.fl 2008, Magnussen og Sjøfving 2010) omfattar gjennomgang av grunnlagsdokument og planar på programnivå. Sluttrapportane frå dei enkelte pilotprosjekta dannar eit viktig grunnlag for denne avsluttande delen av evalueringa.

⁵ I tillegg til dette, dannar funn og analysar som har kome fram gjennom delprosjekta i evalueringsoppdraget, eit viktig grunnlag for sluttevalueringa.

Kvalitative intervju med nøkkelpersonar på pilotprosjektnivå⁶ og programnivå er gjennomført i fleire ulike fasar av evalueringa. I arbeidet med oppstartanalysen (Magnussen m.fl 2007) blei alle pilotprosjektleiarane intervjuet. Det er seinare gjort kvalitative intervju på pilotprosjektnivå både i samband med midtvegsevalueringa (Magnussen m.fl 2009) og dybdestudiene (Brandtzæg m.fl 2010). På programnivået er det gjennomført kvalitative intervju med programleiinga hos Riksantikvaren, representantar frå Miljøverndepartementet og representantar for Norsk Kulturminnefond i samband med dei to programstudiene (Magnussen m.fl 2008, Magnussen og Søfting 2010). I tillegg omfattar desse programstudiene også kvalitative intervju med andre nasjonale aktørar innafor regionalt utviklingsarbeid.

Casestudier er gjennomført i 6 av pilotprosjekta. Det har gjeve høve til å gå djupare inn i pilotprosjekta for å få eit bilete av dynamikkar og prosessar på lokalt og regionalt nivå.

Som ein del av evalueringssopdraget er det utvikla eit system for *resultatrapportering* frå pilotprosjekta. Dette systemet er utvikla i nært samarbeid med pilotprosjekta, programleiinga og referansegruppa for evalueringa⁷. Dette er gjennomført for perioden 2007-2010, og representerer interessante data om utvikling og endring over tid. Formålet med resultatrapporteringssystemet er å få eit betre grunnlag for å vurdere i kva grad pilotprosjekta bidrar til å nå sentrale målsetjingar i Verdiskapingsprogrammet knytt til verdiskaping, kulturarv og kunnskap. Rapporteringssystemet inneheld også eit dynamisk element, ved at det fangar opp positive og negative røynsler hos pilotprosjekta, som kan vere avgjerande for å sikre betre måloppnåing. Gjennom årlige rapportar (Brandtzæg og Haukeland 2008, 2009, 2010, 2011) er desse erfaringane formidla vidare til programleiing og pilotprosjekt, og har danna grunnlag for drøftingar og justeringar. Rapporteringssystemet omfattar eit nettbasert rapporteringsskjema, med tilhøyrande rettleiar. Rettleiinga inneheld både ein praktisk og ein teoretisk del, og er meint å vere ein støtte og ressurs for arbeidet i pilotprosjekta ved å legge grunnlag for å drøfte, målrette og planlegge arbeidet.

⁶ Dette omfattar intervju med mellom anna prosjektleiarar, representantar i styringsgrupper, representantar for offentlig og frivillig sektor, lokale tiltakshavarar og prosjekteigarar.

⁷ Opplaget for resultatrapportering blei presentert på ei samling for pilotprosjekta i november 2007. Seinare blei opplaget presentert og drøfta med programleiinga hos RA og med referansegruppa for evalueringa av Verdiskapingsprogrammet. På bakgrunn av desse drøftingane og innspel som kom fram, blei det endelige opplaget fastlagt. Seinare er det gjort mindre justeringar.

Deltaking på sentrale arenaer for kunnskapsutveksling og samarbeid i perioden 2007-2011, har bidrege med viktig og relevant datamateriale for evalueringa. I særleg grad har deltakinga på alle pilotprosjektsamlingane vist seg å representere eit viktig inntak til diskusjonar og pågåande prosessar i programmet.

1.4 LESARRETTLEIING

Rapporten er bygd opp på denne måten:

- ✓ Kapittel 2 inneheld ein kortfatta presentasjon av pilotprosjekta innafor Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet, med vekt på bakgrunn, målsetjingar, organisering og resultat.
- ✓ I kapittel 3 står kulturarven i fokus, og her ser vi nærare på kva delar av kulturarvressursen som er blitt tatt i bruk i programmet, på korleis denne ressursen er blitt tatt i bruk, og på kva utfordringar dette skaper.
- ✓ Kunnskap og læring er tema for kapittel 4, der vi tar opp tema som kompetanse og kunnskap i pilotprosjekta, og arenaer for kunnskapsutvikling og formidling i programmet.
- ✓ Kapittel 5 rettar merksemda mot verdiskaping, der det breie verdiskapingsomgrepet blir drøfta, og det blir gjort greie for korleis dette har blitt etablert og sett sitt preg på arbeidet innafor programmet. Som ein del av dette fokuserer kapitlet også på å gje eit bilete av dei konkrete verdiskapingseffektane som har blitt synlige i programperioden.
- ✓ I kapittel 6 er samarbeid omkring verdiskaping basert på kulturminne eit hovudtema. Her er samarbeidsmodellar, metodar og verktøy sentrale element.
- ✓ Organisering av Verdiskapingsprogrammet for kulturminne er tema for kapittel 7, som i særleg grad tar for seg organisering og samarbeid på programnivå.
- ✓ I kapittel 8 oppsummerast evalueringa gjennom samanfattande vurderingar i forhold til programmet sine målsetjingar.

2. OM PILOTPROSJEKTA

2.1 INNLEIING⁸

I det følgjande presenterer vi kort pilotprosjekta som har vore ein del av Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet. Presentasjonen tar utgangspunkt i pilotprosjekta sin bakgrunn, deira målsetjingar og organisasjonsmodell. Vidare presenterer vi dei konkrete resultatane i form av tiltak som er realiserte gjennom programperioden, og gjer avslutningsvis eit bilete av kva planar det enkelte pilotprosjekt har når programperioden er over⁹.

2.2 HAMNINGBERG, MED VARSOMHET SOM FØRESETNAD

Hamningberg, ytst på Varangerhalvøya i Finnmark, har ein særeigen bygnings- tradisjon, basert på eldre varangerhus og bygningar frå pomortida. Staden blei fråflytta i 1965, men står fram som levande gjennom aktiv fritidsbruk av tidlige bebuarar og er eit viktig reisemål for turistar med bil.

Målet med pilotprosjektet i Hamningberg har vore at staden skal framstå som det best bevarte og mest levande kulturminnet i Varanger. I arbeidet med å realisere denne målsetjinga har ein grunnleggande verdi vore å finne fram til riktig samspel mellom Hamningberg sitt særpreg og historie og interessene til huseigarar, næringsaktørar og besøkande.

Arbeidet i Hamningbergprosjektet har vore organisert med ei styringsgruppe med representantar frå Hamningberg bygdelag, Hamningberg næringsforening, Båtsfjord kommune, Vardø kommune, Statens Vegvesen v/Nasjonal turistveg og Finnmark fylkeskommune. I tillegg har pilotprosjektet hatt ei styringsgruppe der lokal prosjektleiar har deltatt, saman med Finnmark fylkeskommune, Båtsfjord hamn og Statens Vegvesen v/Nasjonal Turistveg. Ei breitt samansett referanse- gruppe har også tatt del i arbeidet. Finnmark fylkeskommune har vore prosjektleiar og sentral prosjektleiar. I tillegg har det vore ein lokal prosjektleiar.

⁸ Desse presentasjonane av pilotprosjekta er i stor grad baserte på Riksantikvaren si bok: "Kulturarv som varer" (2011), samt sluttrapporteringane frå dei enkelte pilotprosjekta, som er publiserte i 2011, i samarbeid med Riksantikvaren.

⁹ Dette kapitlet har derfor ei deskriptiv form, vurderingar av det enkelte pilotprosjekt inngår ikkje her.

Gjennom Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet er det gjeve tilskott til antikvarisk istandsetjing av 17 bygningar, noko som har bidrege til eit stort løft for bygningsmiljøet i Hamningberg. Ein parkeringsplass for besøkande har kome på plass, for å sikre eit godt samarbeidsforhold mellom turistar og lokale brukarar av staden. Hamneallmenningen Russekeila er opprusta for å gje brukarane betre forhold for bruk av båt, og samstundes skape ein felles møtestad.

2.3 DEN VERDIFULLE KYSTKULTUREN I NORDLAND

Allereie i 2005 starta Nordland fylkeskommune opp prosjektet "Den verdifulle kystkulturen i Nordland", der kysten sin kulturarv er ressurs for utviklingsarbeid. Då Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet blei etablert i 2006, blei Nordland eit av pilotprosjekta. Lofoten og Vega blei valde ut som prosjektområde; Lofoten ut frå eit kulturmiljø prega av fiskerirelatert verksemd, Vega ut frå kulturarvsverdiar knytt til verdsarv¹⁰.

Målet med "Den verdifulle kystkulturen i Nordland" er å ta i bruk kysten sin kulturarv i utvikling og verdiskaping i Nordland, og integrere kulturarven på dei viktigaste utviklingsarenaene i fylket.

Arbeidet i Nordland har vore forankra i fylkesplan for Nordland og tilhøyrande utviklingsprogram i tidsrommet 2004-2011. Nordland fylkeskommune har vore prosjekteigar, og ei politisk styringsgruppe har leia arbeidet¹¹. Prosjektleiari har vore tilsett i fylkeskommunen si avdeling for næring og regional utvikling. I tillegg har det i perioden 2007-2008 vore tilsett prosjektkoordinatorar på Vega og i Lofoten, begge i 50% stilling, og i 2009-2010 har prosjektmedarbeidarar vore knytt til avdelinga for næring og regional utvikling.

Innafor "Den verdifulle kystkulturen i Nordland" er det gjennomført nærare 100 delprosjekt. Det er gjennomført fleire stadutviklingsarbeid, og det er gjeve støtte til istandsetjing av kulturminne med planar for forretningsmessig etterbruk. I Lofoten er det gjennomført 24 delprosjekt for istandsetjing, med det resultat at 27 bygningar, to fartøy og sju historiske hagar er blitt sette i stand. På Vega er ti

¹⁰ Utgangspunkta for dei to geografiske områda var ulike: medan arbeidet i Lofoten kunne bygge vidare på regional kulturminneplan og masterplan for reiseliv, starta arbeidet på Vega med å byggje opp reiselivsverksemd med utgangspunkt i verdsarvstatus.

¹¹ I perioden 2005-2009 var styringsgruppa sett saman av representantar frå næringsavdelinga og kulturminneforvaltninga i fylkeskommunen, Nordland Reiseliv, Lofotrådet og Vega kommune. Frå 2009 overtok fylkesrådet i Nordland fylkeskommune som styringsgruppe.

bygningar restaurerte. I dei nye prosjektområda; Nyksund, Rognanfjæra. Meløygården og Kjeøy, er 13 bygningar under istandsetjing. I tillegg er det etablert nye selskap, fleire bedrifter har utvida si verksemd, og det er skapt arbeidsplassar på heiltids- og deltidbasis.

Nordland fylkeskommune har vedtatt å vidareføre satsinga med verdiskaping basert på kulturminne for nye tre år. Denne satsinga er ein del av arbeidet med å utvikle kultur næringer i Nordland.

2.4 NORSK TRADISJONSFISK

Kystressursane og kystkulturen som berejle for lokal næringsverksemd og busetjing, er utgangspunktet for pilotprosjektet Norsk Tradisjonsfisk, der ein har vore særlig opptatt av å vise korleis kulturminna er avhengige av levande næringsverksemd.

Målsetjinga for Norsk Tradisjonsfisk har vore å vise korleis handlingsboren kunnskap knytt til fiske og fiskeforedling kan vere til nytte for moderne fiskeribedrifter. Gjennom å etablere nettverk av kommersielle bedrifter med visningssenter, vil ein realisere dette målet.

Det Kongelige Selskap for Norges Vel har hatt koordinerande prosjektleiaransvar. Styringsgruppa for prosjektet har vore sett saman av representantar for Fiskeridirektoratet, Norges Fiskarlag, Norske Sjømatbedrifters landsforbund og Museum Vest. I tillegg har ei rad faglige rådgivarar vore knytt til prosjektet. For kvar av visningsbedriftene er det etablert lokal prosjektleiing og lokal prosjektorganisasjon. Næringsnettverket Norsk Tradisjonsfisk har vore eigar av prosjektet.

Ved utløpet av prosjektperioden er det lagt grunnlag for etablering av to visningssenter; Augustbryggo i Herøy kommune i Nordland og Sildasenteret i Haugesund. I Augustbryggo er visningssenteret knytt til bedriften Seløy Fisk AS som produserer saltfisk og har rødsei som nisjeproduksjon. Sildasenteret i Haugesund er knytt til bedrifta H.J. Kyvik AS, som produserer spekesild, ulike typar kryddersild og ansjos.

I tida framover vil Tradisjonsfisk arbeide vidare med modellane for visningssenter, og utvikle dei vidare både for involverte bedrifter og andre bedrifter i nettverket.

2.5 ATLANTERHAVSVEGEN BUD-KRISTIANSUND

Kyststrekninga Bud-Kristiansund er rik på kulturminne, frå arkeologiske kulturminne frå Fosnakulturen, til nyare kulturminne knytt til fiske, sjøverts ferdsel og kystlandbruk. Verdfulle natur- og kulturlandskap pregar strekninga, som også inneheld levande fiskevær, Nasjonal Turistveg og pulserande bymiljø.

Målet med pilotprosjektet har vore å styrke busetjing og næringsliv ved å gjere området meir attraktivt for fastbuande og besøkande gjennom positiv samfunnsutvikling basert på kysten sin kulturarv og landskap.

Initiativet til pilotprosjektet kom frå Møre og Romsdal fylkeskommune, i samarbeid med kommunane Fræna, Eide, Averøy og Kristiansund. Prosjekteigar har vore fylkeskommunen, som også har ivaretatt prosjektleinga som har vore lagt til kulturavdelinga. I styrings- og prosjektgruppe knytt til Atlanterhavsvegen Bud – Kristiansund har dei involverte kommunane deltatt, saman med musea i området, destinasjonsselskap, friluftsråd, Kystverket og frivillige organisasjonar som fortidsminneforeining og historielag.

Undervegs i prosjektet er det etablert portalar, det vil seie moderne turistinformasjonsstasjonar fire stader. Det er etablert eit los-korps med lokale forteljarar som formidlar kulturhistorie basert på gaidmanus. Det er også lagt til rette for kulturminneløyper. Scene-forteljinga Losen – med livet som innsats- er produsert, og lever vidare med årlige oppsetjingar. Om lag 25 bygningar og andre kulturminneobjekt er sette i stand. Opplæring i tradisjonshandverk gjennom næmingeordninga har resultert i at tre handverkarar har fullført utdanning på høgskolenivå, og tre nye er i gang med studiet.

I perioden 2011-2012 vil fylkeskommunen gjennomføre eit oppfølgingsprosjekt som fokuserer på å realisere næringspotensialet i prosjektet.

2.6 PERLER I NORDSJØLØYPA¹²

Samfunnsutvikling med utgangspunkt i natur- og kulturminne langs gamle ferdselsårer i Sotra-regionen, er utgangspunktet for pilotprosjektet Perler i Nordsjøløypa.

Målsetjinga for Perler i Nordsjøløypa har vore å formidle ressursutnytting og verdiskaping i regionen, og synleggjere kulturhistoria i mest mulig autentiske miljø. Gjennom dette skal pilotprosjektet bidra til å gjere regionen meir attraktiv for fastbuande og besøkande, for lokale verksemder og eksterne verksemder som ønskjer å etablere seg der.

Prosjektet er eigd av kommunane Øygarden, Fjell og Sund i Hordaland. Det interkommunale utviklingsselskapet Gode Sirklar AS har hatt prosjektleiaransvar. Arbeidet har vore organisert med ei styringsgruppe og prosjektgruppe, og ei rad offentlige, private og frivillige samarbeidspartar.

Dei tre kommunane har vektlagt ulike aktivitetar. Fjell kommune har utvikla mat- og handverksaktivitetar knytt til Gjerdet kulturminnegard, og etablert opplevingstilbod i samband med Fjell festning og Russarstigen. Sund kommune har prioritert båt- og kystkultur gjennom ulike kulturminnetiltak, og Øygarden kommune har prioritert energi og ressursutnytting i eit historisk perspektiv. I tillegg har kommunane samarbeidd om å realisere to fellestiltak der kunstnariske verkemiddel blir nytta for å forsterke formidlinga av dei forteljingane kulturminna er berarar av. Kaisess er eit arrangement med kaia som møtestad, basert på brei involvering av lokale aktørar og utforsking av potensiale for innovasjon og utvikling. Luftskipet er eit mobilt galleri som er arena for refleksjon over stader og historie.

For det vidare arbeidet er det laga verdiskapingsplanar for alle delprosjekta, som mellom anna klargjer forretningsmessig potensiale.

¹² Nordsjøløypa gjennom kommunane Sund, Fjell og Øygarden er del av North Sea Trail, som går langs sju land; Skottland, England, Nederland, Tyskland, Sverige, Danmark og Norge. Eit viktig element i Nordsjøløypa er å legge til rette for turiststigar og kystvandring.

2.7 ODDAPROSESSEN

Konkursen til Odda Smelteverk i 2003 førte til at eit stort område i Odda sentrum, med store industribygg blei lagt aude og tok til å forfalle. Smelteverktomta representerer ein lang industrihistorie, og på området finst bygningar frå ulike epokar med ulike funksjonar og ulik arkitektur. Oddaprosessen tok utgangspunkt i dei bygga kommunen har erverva, og har gjennom prosjektet gradvis arbeidd med større delar av tomte i samarbeid med private eigarar.

Målet med Oddaprosessen har vore verdiskaping med utgangspunkt i kulturminna på smelteverktomta. Ein har arbeidd på fire delområde: restaurering av bevaringsverdige bygg, oppbygging av kunnskap om restaurering, kulturarv som ressurs i by - og næringsutvikling, og industri som reiselivsutvikling.

Odda kommune og Norsk Vasskraft og Industristadmuseum har saman vore eigarar av prosjektet. I styringsgruppa har kommunen og museet deltatt, saman med representantar for industrien i Odda, LO og Innovasjon Norge. Prosjektleiaren har vore knytt til Odda kommune.

Gjennom Oddaprosessen har fleire bygg blitt sett i stand og tatt i bruk, og smelteverktomta har utvikla seg til ein arena for kulturopplevingar, mellom anna gjennom arrangement, etablering av kafe og handverksproduksjon. I Oddaprosessen er det bygd opp fagmiljø med spesialkompetanse på restaurering av teknisk-industrielle kulturminne. Odda er blitt Norges første besøksmål i eit nettverk av attraktive reisemål knytt til industristader; European Routes of Industrial Heritage.

2.8 PORTO FRANCO, KRISTIANSANDS KULTURELLE FRIHAVN

Kystens kulturarv har vore utgangspunktet for pilotprosjektet Porto Franco. Målet med Porto Franco har vore å fremje kystkultur gjennom å skape forpliktande samarbeid, samle verneverdige farty i ei museumshamn og legge til rette for betre formidling av kulturhistoria.

Vest-Agder fylkeskommune har vore prosjekteigar, og prosjektleinga har vore lagt til fylkeskommunen. Styringsgruppa har vore breitt samansett, med representantar frå Kristiansand kommune, Vest-Agder fylkeskommune, og Frihamnsforum/Porto Franco. I tillegg har arbeidet i Porto Franco vore basert på

eit omfattande samarbeid med kulturinstitusjonar og frivillige organisasjonar som arbeider for å verne om kystkulturen og dei verneverdige fartya i regionen.

Undervegs i prosjektet er det gjort omfattande registreringar og formidlingar av maritim kulturhistorie, mellom anna gjennom videoforteljingar, bok og fleire utstillingar. Prosjektet har bidrege i store kystkulturarrangement i regionen, og det er sett i gang 12 restaureringsprosjekt, i tillegg til byutviklingsprosjekt i Kristiansand.

2.9 HAMMERDALEN

Hammerdalen er området der Fritzøe Jernverk sine masomnar låg, og representerer eit viktig kulturmiljø med spor etter 600 år med industriverksemd.

Målet med pilotprosjektet i Hammerdalen har vore å sjå nærare på korleis den materielle og immaterielle kulturarven kan nyttast som ressurs for ny verdiskaping.

I prosjektperioden har det skjedd omfattande bruksendringar i området, gjennom at areal og tidligare industribygg er blitt rehabiliterte av Treschow-Fritzøe AS. Om lag 50 næringsaktørar er etablerte i området. Det er gjennomført kulturminneanalyse av området, i tillegg til registreringsarbeid, arkeologiske undersøkingar og skilting av kulturminne. Ein har engasjert barn og unge i prosjektet "Minnefinnere", og det er sett i gang tre doktorgradsprosjekt ved Høgskolen i Vestfold.

Prosjekteigarar er Høgskolen i Vestfold, Treschow-Fritzøe AS, Larvik kommune, Larvik Link, Vestfoldmuseene IKS og Vestfold fylkeskommune. Det er etablert arbeids- og styringsgrupper der prosjekteigarane er representerte. Prosjektleiinga har vore lagt til Høgskolen i Vestfold.

Prosjekteigarane ønskjer å vidareføre arbeidet med kulturminna og området Fritzøe verk.

2.10 PILEGRIMSLEDEN

Nidaros var i middelalderen det nordligaste målet for pilegrimsferdene i Europa. Pilegrimsmålet var Olav den heilage si grav i Nidarosdomen. Allereie i 1993 starta

Pilegrimsleden som prosjekt, og leden blei ferdigstilt til Trondheim by sitt 1000-års jubileum i 1997¹³.

Målet med pilotprosjektet Pilegrimsleden er å skape auka interesse for og bruk av leden. For å oppnå dette, skal ein drive aktiv marknadsføring, etablere nye overnattingsplassar og skape muligheter for næringsutvikling langs leden. I tillegg har det vore eit mål å spreie informasjon om pilegrimsliv internasjonalt og nasjonalt.

Prosjekteigarar har vore fylkeskommunane i Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag, Oppland, Hedmark og Akershus, samt Den norske kyrkja ved Nidaros bispedømme. Styringsgruppa for prosjektet har vore sett saman av prosjekteigarane, i tillegg til NHO reiseliv og Direktoratet for naturforvaltning. Prosjektleiari har vore tilsett av Nidaros bispedømme.

Det er registrert ei klar auke i talet på vandrarar, overnattingsstader og overnattingsdøgn i prosjektperioden. Nettstaden www.pilegrim.info er utvikla til å bli den viktigaste nettportalen i Norden for planlegging av pilegrimsvandringar. Gjennom denne portalen er det etablert informasjon om 215 ulike overnattingsstader og 280 kulturmineopplevingar. Det er planlagt pakketurar og gjennomført internasjonal marknadsføring.

Det er etablert fem regionale pilegrimssenter og eit nasjonalt pilegrimskontor i Trondheim som skal drive arbeidet vidare.

2.11 OPPLAND – VALDRES

Noko av det særsegne med Valdres er at regionen har flest stølar i drift i Nord-Europa, og at ein finn 6 av i alt 28 norske stavkyrkjer her. Arbeidet med denne delen av kulturarven har derfor vore prioritert, også innanfor Verdiskapingsprogrammet. Då Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet starta opp, hadde regionrådet allereie etablert eit eige merkevareprogram for Valdres, og Valdres Natur- og Kulturpark var i ferd med å bli etablert som Norges første regionale natur- og kulturpark.

Målet med pilotprosjektet i Valdres har vore å samordne den regionale satsinga på kulturminnevern faglig og økonomisk. I tillegg har det vore viktig å sikre

¹³ Innanfor Verdiskapingsprogrammet har arbeidet innanfor Pilegrimsleden blitt revitalisert.

kulturminna i regionen som ressurs for regional utvikling gjennom ein parkavtale knytt til Valdres Natur- og Kulturpark.¹⁴ Å skape auka engasjement og meir kunnskap om kulturarven, i tillegg til å gjere kulturminna meir tilgjengelige for publikum, har også vore ein del av målsetjinga.

Prosjekteigar har vore Valdres Natur- og Kulturpark og Oppland fylkeskommune. Prosjektsekretariatet har vore lagt til natur- og kulturparken. Kulturstyret i Valdres har fungert som referansegruppe for prosjektet. Det har vore ei felles styringsgruppe for dei to prosjekta i Oppland.

Blant dei viktigaste resultatane som er oppnådd, er ei positiv haldning til kulturminne og kulturarv, saman med utviklinga av gode arbeidsformer og tverrfaglig samarbeid. Det er sett i gang 35 tiltak med istandsetjing, tilrettelagt 20 mil med kultursti, kartlagt kulturminne og beiteressursar i stølsområde og gjennomført fyrtårnprosjekt for gards- og stølsturisme.

Regionalparken er forankra gjennom at kommunane har gjeve si tilslutting til ein tiårig handlingsplan, der også kulturminnearbeidet er definert inn. I det vidare arbeidet er utviklinga av stølssatsinga prioritert, saman med berekraftig produksjon av mat og skjøtsel av verdfulle natur- og kulturlandskap.

2.12 OPPLAND – NORD-GUDBRANDSDALEN

¹⁵Nord-Gudbrandsdalen har den største konsentrasjonen av verneverdige bygningar i Norge. Desse bygningane og det bygningsmiljøet dei representerer, er viktige i kulturlandskapet og sentrale element i Nasjonalparkkrieket.

Målet med pilotprosjektet i Nord-Gudbrandsdalen har vore å utvikle ei regional næringsstrategi der målet er å utvikle verdiskapinga i den delen av næringslivet som er knytt til reiseliv, service og landbruk, og samstundes vidareutvikle kompetansen innan naturbasert reiseliv og nasjonalparkforvaltning. I tillegg har det vore eit uttalt mål å ta vare på eksisterande bygningsmiljø og prioritere freda bygningar som ressurs for verdiskaping.

¹⁴ Pilotprosjektet i Valdres er del av Opplandsprosjektet, som er koordinert av Oppland fylkeskommune. Målet har vore å samordne satsinga på kulturminnevern i dei ulike regionane, både faglig og økonomisk.

¹⁵ Nord-Gudbrandsdal er ein del av Opplandsprosjektet, leia og koordinert av Oppland fylkeskommune

Eigarar av prosjektet har vore regionkontoret i Nord-Gudbrandsdal og Oppland fylkeskommune. Lokalt i Nasjonalparkriket har det vore ei arbeidsgruppe der alle dei seks kommunane har vore representerte, i tillegg til Gudbrandsdalsmusea. Ordførarane i regionen har gjennom regionen sitt arbeidsutval vore styringsgruppe for prosjektet. Prosjektleiari har vore knytt til regionkontoret.

Undervegs i prosjektet er det gjennomført omfattande istandsetjings- og restaureringsarbeid. Tre handverkarar i regionen har fått utdanning innan bygningsrestaurering gjennom næmingeordninga. Bedriftssatsinga Vågå Gardshotell er etablert, og eit samarbeid med Gudbrandsdalsmusea har sikra dokumentasjon og formidling, i særleg grad knytt til fangstkultur og bergverk/-steinindustri.

I det vidare vil kulturarv framleis vere eit viktig satsingsområde i regionen, noko som kjem til synes gjennom lokale og regionale utviklingsplanar. På regionalt nivå vil ein arbeide vidare med å sikre varig drift og godkjenning av næmingeordninga.

2.13 NÆRØYFJORDEN VERDSARVPARK

Målet for Nærøyfjorden Verdsarvpark er å vere ein pådrivar for natur- og kulturbasert utvikling med forankring i verdsarvstatusen til Nærøyfjordområdet. I pilotprosjektet har ein i særleg grad prioritert å ta vare på og verne om verdsarvverdiane, og arbeide for å utvikle ei vertskapsrolle som fremjar god kommunikasjon mellom lokalsamfunna og omverda, basert på byrgskap over eigen stad.

Nærøyfjorden Verdsarvpark blei etablert som stifting i 2008, og dei formelle stiftarane er kommunane Aurland, Lærdal, Vik og Voss, saman med Sogn og Fjordane fylkeskommune. Prosjektleiinga har vore ivaretatt av verdsarvparken. Styret for verdsarvparken har vore styringsgruppe.

Gjennom pilotprosjektet har ein fått utvikla ei norsk utgåve av den europeiske regionalparkmodellen – ein heilskaplig reiskap for natur- og kulturbasert utvikling i Nærøyfjordområdet. "Verdiskapinga skjer i møtet" har vore ein visjon for arbeidet i verdsarvparken. I prosjektperioden er det lagt ned stor innsats i rydding, istandsetjing og merking av turstigar, i tillegg til istandsetjing og skjøtsel av bygningar og tilhøyrande kulturmiljø.

I tida framover vil ein innafor verdsarvkonseptet arbeide vidare for å styrkje primærnæringane, satse på natur- og kulturbasert næringsutvikling, stadformidling, vertskapsutvikling, samt styrking av felles identitet og merkevare.

3. KULTURARVEN

3.1 INNLEIING

Utgangspunktet for dette kapitlet er å gje eit bilete av og samstundes vurdere korleis Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet har påverka innsatsen for å bevare og ta i bruk kulturarven. Det blir lagt eit særlig fokus på å synleggjere kva effektar programmet har hatt for den fysiske kulturarven, det vil seie kulturminne, kulturmiljø og landskap. Synleggjering av effektar i forhold til den immaterielle delen av kulturarven, vil også vere eit tema i dette kapitlet. Som ein del av dette, inngår også vurderingar av eventuelle motsetjingar mellom ulike delmålsetjingar i Verdiskapingsprogrammet; mellom målet om å skape verdier basert på kulturminne og målet om å ta betre vare på kulturarven¹⁶.

I dette kapitlet rettar vi derfor fokus mot følgjande tema: Kva kulturminneressursar blir nytta i Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet? Korleis blir kulturarvressursar nytta direkte og indirekte i verdiskaping? I kva grad bidrar prosjekta i Verdiskapingsprogrammet til kartlegging, dokumentasjon, formidling, bevaring og utvikling av kulturarven? I kva grad utløyser auka medvit om kulturarv som utviklingsressurs engasjement og ressursar på ulike forvaltningsnivå og innafor ulike sektorar?

3.2 KULTURMINNERESSURSEN

Kulturminna som blir tatt i bruk som ressursar i Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet representerer eit breitt spekter av den materielle og immaterielle kulturarven. I Nordland er det kystkulturen i Lofoten og på Vega, i Hamningberg er det ein særeigen og heilskaplig fiskeversbebyggelse som er utgangspunkt for pilotprosjektet. Kulturminne langs kysten, inkludert gamle ferdselsårer, er sentrale både i Atlanterhavsvegen Bud-Kristiansund og i Perler i Nordsjøløypa. Handlingsboren kunnskap innanfor fiskeri og foredling dannar mykje av grunnlaget for arbeidet innafor Tradisjonsfisk. For to av prosjekta; Hammerdalen og Oddaprosessen.no, er industrien sine fysiske kulturminne og den immaterielle kulturarven desse representerer, sjølve kulturminneressursen.

¹⁶ Dette temaet er i evalueringsarbeidet operasjonalisert til å vere samspel – eventuelt konflikter mellom bruk og vern av kulturminne, og er tema for avsnitt 3.3.

Tre av prosjekta rettar eit særlig fokus mot samspelet mellom kultur- og naturressursar; dei to regionale prosjekta i Oppland – Nord-Gudbrandsdalen og Valdres Natur- og kulturpark, Nærøyfjorden Verdsarvpark og Pilegrimsleden.

Riksantikvaren sine egne kartleggingar over kva type kulturminne som har fått tildelt støtte gjennom Verdiskapingsprogrammet (Rambøll 2011) viser heilt klart at det er flest bygg og anlegg med omgjevnader der private eigarar har fått støtte til å gjennomføre tiltak¹⁷. Heile 84% av dei eigarane som svarte hadde mottatt støtte til dette. Andre typar kulturminne som har mottatt støtte gjennom Verdiskapingsprogrammet er arkeologiske kulturminne, park/landskap, vegar og stigar, fartøy og teknisk-industrielle kulturminne. Resultatrapporteringa (Brandtzæg og Haukeland 2008, 2009, 2010, 2011) viser at omfattande kartleggingar i pilotprosjekta ligg til grunn for utarbeiding av søknader om restaurering, skjøtselstiltak og tilgjenge knytt til kulturminne. Alle pilotprosjekta har ferdigstilt tiltak knytt til istandsetjing. Dei fleste av desse tiltaka omfattar bygningar, men også arkeologiske kulturminne, kulturlandskap, kulturstiar og fartøy er sett i stand.

Oppstartanalysen (Magnussen m.fl 2007) påpeikte at graden av medvit omkring kva kulturminne og kulturmiljø som danna ressursgrunlaget såg ut til å variere noko i oppstartsfasen til pilotprosjekta. Undervegs i prosjektperioden har det gått føre seg ei bevisstgjeriing i forhold til kulturminne som ressurs, gjennom arbeid med forankring, formidling og tiltak i pilotprosjekta. Gjennom evalueringa har det kome fram tydelige døme på korleis kulturminne kan vere ein ressurs for utvikling av næring og samfunn. For tiltakshavarane har det å bli ein del av prosjektet gjort dei merksame på verdien av dei kulturminna dei forvaltar. Dette har bidrege til å skape auka medvit og større byrgskap omkring kulturminna. Deltaking i Verdiskapingsprogrammet har også tydeliggjort haldningar og forventningar omkring kvalitet på istandsetjing og restaurering av kulturminne blant tiltakshavarar og private eigarar. Undersøkinga blant private eigarar av kulturminne som har fått støtte frå Verdiskapingsprogrammet (Rambøll 2011), viser at programmet har ført til auka kompetanse blant eigarane når det gjeld kulturminna sin verdi som ressurs for utvikling.

¹⁷ Undersøkinga blant private eigarar er basert på svar frå i alt 103 eigarar av kulturminne.

3.3 BRUK AV KULTURMINNERESSURSEN¹⁸

Kulturminneressursen blir tatt i bruk til miljømessig, kulturell, sosial og økonomisk verdiskaping. Samspelet mellom dei ulike verdiskapingsformene er viktig, og resultatrapporteringa har vist ein tydelig tendens til at medvitte omkring og vektlegginga av samanhengane mellom dei ulike formene for verdiskaping aukar (Brandtzæg og Haukeland 2008, 2009, 2010, 2011). Når pilotprosjekta sjølv rapporterer om dette sambandet, skildrar dei det slik: Økonomisk verdiskaping gjennom utviding av eksisterande verksemd eller etablering av ny verksemd med utgangspunkt i kulturarven, bidrar også til auka kulturell og sosial verdiskaping. Når verksemdar blir etablerte med utgangspunkt i kulturarven, utløyser det eit breiare sett av verdiar. Auka medvitte om kulturarven, forteljningane og samanhengane mellom materiell og immateriell verdiskaping pregar desse verksemdene. I nokre tilfelle er det også slik at inntekter frå næringsaktivitet basert på kulturminne går til istandsetjing og styrking av kulturell kompetanse.

Når det gjeld miljømessig verdiskaping, viser resultatrapporteringane tydelig at pilotprosjekta fokuserer på samspelet mellom kulturminne og landskap. Landskap blir oppfatta som viktig for opplevinga av kulturminne, og landskap er viktig for å formidle ressursbruk, historie og samspel mellom menneske, natur og kultur¹⁹. Gjenbruk av materialar i istandsetjings- og restaureringsprosjekt, blir av pilotprosjekta trekt fram som ein viktig miljømessig dimensjon i arbeidet.

I forhold til kulturell verdiskaping gjer pilotprosjekta aktiv bruk av ressursar knytt til kulturarven i samband med ulike former for merkevarebygging og profilering av stader. Her har det vore ein stabil og tydelig tendens gjennom heile programperioden²⁰: ni av tolv pilotprosjekt oppgjer at dei nyttar kulturarvressursar som grunnlag for merkevarebygging og profilering av stad. Halvdelen av pilotprosjekta²¹ har med bakgrunn i kulturarvressursen utvikla symbol, logoar eller merkevarer. Som ein del av dette inngår også ulike former for historieforteljningar

¹⁸ Kapittel 5 om verdiskaping inneheld eit meir detaljert oversyn over kva effektar som har vore mulige å identifisere når det gjeld miljømessig, kulturell, sosial og økonomisk verdiskaping basert på kulturminne som ressurs.

¹⁹ Pilotprosjektet Pilegrimsleden, som nettopp fokuserer på samspelet mellom kulturminne, landskap og formidlinga av samspelet mellom natur og kultur, representerer eit svært tydelig døme på miljømessig verdiskaping.

²⁰ Denne tendensen er identisk i resultatrapporteringane for 2007-2010

²¹ 4 i 2008, 7 i 2009 og 6 i 2010

gjennom t.d. utvikling av interpretasjon som metode eller gjennom utvikling av eigne historieforteljarar²².

Sosial verdiskaping inneber at bruk av kulturminneressursen bidrar til å skape auka medvit og engasjement lokalt. Samarbeid og samhandling er to konkrete mål på auke i medvit og engasjement. Resultatrapporteringane synar at pilotprosjekta sjølve vurderer at Verdiskapingsprogrammet har ført meir samarbeid og større engasjement²³.

Når kulturminneressursen blir tatt i bruk for økonomisk verdiskaping, dreiar det seg oftast om direkte næringsutvikling i form av etablering av nye verksemder, utviding av eksisterande verksemd eller trygging av allereie etablert verksemd. Dei nye bedriftene som blir etablerte som eit resultat av Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet, og dei eksisterande bedriftene som utvidar si verksemd rettar seg i hovudsak mot overnatting, servering og utleige, ulike former for gaiding og kulturformidling, arrangement av møte og konferansar, samt foredling og sal av lokal mat²⁴. Undersøkinga blant private eigarar (Rambøll 2011) understøttar dette funnet. I forhold til planlagt bruk av kulturminneressursen blir formidlingsverksemd²⁵ og servering/overnatting oppgitt av flest. Andre former for planlagt bruk er vidareføring av eksisterande bruk, galleri/utstilling, forretning/sal, produksjon og sal av landbruks- og fiskeprodukt. I tillegg har arbeidet innafør Verdiskapingsprogrammet ført til ringverknader på det økonomiske området i form av underleveransar, tilflytting, auka attraktivitet m.m.²⁶.

Datamateriale frå både den kvalitative og kvantitative delen av evalueringa viser at motsetjingane mellom målet om å skape verdjar basert på kulturminne og målet om å ta betre vare på kulturarven, er til stades i Verdiskapingsprogrammet. Desse motsetjingane kjem tydeligast til syne i heilt konkrete istandsetjingsprosjekt i pilotprosjekta, som ofte dreiar seg om varige endringar i verneverdige bygg. Det kan t.d. dreie seg om private eigarar sine behov for utviding, ombygging eller

²² Arbeidet med interpretasjon innafør Nærøyfjorden Verdsarvpark, og arbeidet med å utdanne gaidar i form av eit loskorps innafør Atlanterhavsvegen Bud-Kristiansund, er blant døma på dette.

²³ Synlige resultat av arbeidet i pilotprosjektet, t.d. i form av ferdig istandsette bygg i Hamningberg, blir av pilotprosjekta trekte fram som ein viktig faktor for å skape større engasjement og meir samarbeid lokalt.

²⁴ Eit fullstendig oversyn over korleis kulturminneressursen er blitt anvendt i økonomisk verdiskaping, og ei talfesting av effektane av dette, ligg føre i Brandtzæg og Haukeland (2011).

²⁵ Denne kategorien omfattar gaid- og forteljarverksemd, teater/spel, merkevare/omdømme og allmenn nytte.

²⁶ Avsnitt 5.3.5 gjer eit meir detaljert oversyn over ulike former for økonomiske ringverknader

isolering av verneverdige bygg, for å ta i bruk bygget til ny verksemd. Pilotprosjekta skildrar desse motsetnadene slik: *”det er konflikhtar knytt til utforming av tilbygg, der årsakene til konflikten var ulike føresetnader og kompetanse”, ”det er dei klassiske konflikthane, der eigar eller utbyggjar vil bygge meir/større eller med meir modernisert uttrykk”*²⁷. Det kan også dreie seg om klåre interessekonflikhtar mellom verneinteresser og brukarinteresser (Haukeland 2010). Desse konflikthane mellom bruk og vern ser i stor grad ut til å bli handterte gjennom dialog og møter, med sikte på å finne løysingar. Pilotprosjekta trekk fram dette som gode måtar å handtere slike motsetnader på: *”gjennom dialog og fysiske møte med alle partar til stades. Vi har hatt svært god hjelp gjennom å involvere løysingsorienterte arkitektar, dvs ha desse til stades i slike samanhengar. Det har heilt konkret bidrege til at partane har funne måtar å nærme seg kvarandre på, og til realisering av tiltaka”*²⁸.

3.4 I STANDSETJING, DOKUMENTASJON OG FORMIDLING

I løpet av programperioden har alle pilotprosjekta gjennomført kartleggings- og registreringsarbeid av kulturarvressursar. Generelle kulturminneregistreringar har vore mest vanlig, men i tillegg er det også gjennomført kartleggingar og registreringar som omfattar tradisjonar, forteljingar, bilete og bruk av kulturmiljø. Dei fleste pilotprosjekta²⁹ har samanstilt dette materialet og gjort det tilgjengelig for ålmenta gjennom presentasjonar, skriftlige dokument, kart, brosjyrrar, skilt og film.

Pilotprosjekta har også gjennomført konkret istandsetjingsarbeid. Resultatrapporteringa viser at det i løpet av programperioden er innvilga 520 søknader om lag om restaureringstiltak³⁰, og at om lag 310 tiltak er ferdigstilte innan utgangen av 2010³¹. På dette grunnlaget er det tydelig at Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet har bidrege til å skape auka fokus på kulturarven gjennom større innsats for å ta vare på materiell og immateriell kulturarv. Alle

²⁷ Frå resultatrapporteringa for 2010

²⁸ Frå resultatrapporteringa for 2010

²⁹ Tal frå resultatrapporteringa for 2010 viser at 8 av 12 pilotprosjekt har samanstilt og gjort desse kartleggingane tilgjengelig for ålmenta

³⁰ Omgrepet ”restaureringstiltak” er gjennomgåande nytta i resultatrapporteringane utført blant pilotprosjekta. Vi nyttar derfor dette omgrepet også i denne rapporteringa, sjølv om omgrepet istandsetjing nok vil vere meir dekkande

³¹ Brandtzæg og Haukeland 2010

pilotprosjekta har i programperioden ferdigstilt tiltak knytt til istandsetjing, skjøtsel og tilgjenge.

Samanhengen mellom materiell og immateriell kulturarv er tydelig i pilotprosjekta. Når pilotprosjekta sjølve rapporterer om korleis dei opplever denne samanhangen, skjer det gjerne på denne måten, slik pilotprosjektet i Nærøyfjorden Verdsarvpark skildrar det: *”Ny bruk” og høve til økonomisk verdiskaping i ei eller anna form er for dei aller fleste drivkrafta for å setje i gang med eit omfattande istandsetjingsarbeid. Undervegs i slike prosessar kan ein likevel oppleve ei ”haldningsending” i retning av at eigarane vert meir opptekne av bygninga si historie og at det blir viktig å formidle denne kunnskapen vidare*³².

3.5 FØRER AUKA MEDVIT OM KULTURMINNE TIL MEIR ENGASJEMENT OG TILGANG PÅ RESSURSAR?

Dei ulike delane av evalueringa har slått fast at Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet har bidrege til eit auka fokus på kulturminne som ressurs for utvikling. Potensialet som kulturminna representerer for brei verdiskaping og berekraftig samfunnsutvikling har blitt tydelig både på lokalnivået der pilotprosjekta blir gjennomførde, på det regionale nivået og på det nasjonale nivået. Data frå resultatrapporteringane viser at det på det lokale nivået er aukande medvit og engasjement (Brandtzæg og Haukeland 2010, 2011), og at oppsluttinga om dugnader er stor³³. På det regionale nivået viser både midtvegsevalueringa (Magnussen m.fl 2009) og dybdestudien (Brandtzæg m.fl 2010), korleis ulike sektorar regionalt har fått ei aukande forståing for verdiskapingspotensialet på kulturminneområdet. Særskilt tydelig er dette i dei pilotprosjekta som er tydelig regionalt forankra; enten i fylkeskommunar eller i ulike former for regionale samarbeidsmodellar, som t.d. regionalparkar. På det nasjonale nivået viser programstudiene (Magnussen 2008, Magnussen og Søfting 2010) at samarbeidande aktørar har fått ei større interesse og ein auka kunnskap for verdiskaping med utgangspunkt i kulturminne.

Oppstartanalysen (Magnussen m. fl 2007) viste at svært mange av pilotprosjekta hadde klare ambisjonar om å bidra til å utløyse andre ressursar. Resultatrapporteringane viser at desse ambisjonane i stor grad er innfridde.

³² Frå resultatrapporteringa for 2010.

³³ Tal frå 2010 viser at sju av tolv pilotprosjekt gjennomførte dugnader dette året, noko som er ein jamn tendens samanlikna med tidligare år.

Undervegs i programperioden melder stadig fleire av pilotprosjekta om at Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet har fungert som katalysator for å utløyse andre ressursar regionalt og lokalt³⁴. Dei viktigaste av desse regionale og lokale ressursane er økonomisk støtte frå regionale utviklingsaktørar som Fylkesmannen og fylkeskommunen, samt ulike kommunale middel, støtte frå bedrifter og andre aktørar, samt Innovasjon Norge³⁵.

3.6 OPPSUMMERING

Korleis Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet har påverka innsatsen for å bevare og ta i bruk kulturarven, har vore eit hovudtema i dette avsnittet.

Evalueringa viser at det i løpet av programperioden er innvilga 520 søknader om støtte til ulike former for istandsetjing/restaurering, og innan utgangen av 2010 er nærare 310 tiltak ferdigstilte. Dette er eit klårt funn som gjer det tydelig at Verdiskapingsprogrammet i stor grad har påverka innsatsen for å ta vare på kulturarven.

Når det gjeld bruk av kulturarven, viser evalueringa at kulturminneressursen blir tatt i bruk til miljømessig, kulturell, sosial og økonomisk verdiskaping. Dei nye verksemdene som blir etablerte med utgangspunkt i kulturminneressursen, rettar seg i hovudsak mot overnatting, servering og utleige, samt ulike former for gaiding, kulturformidling, arrangement av møte og konferansar, samt foredling og sal av lokal mat.

Evalueringa viser også at motsetjingane mellom målet om å skape verdiar basert på kulturminne og målet om å ta betre vare på kulturarven, er til stades i Verdiskapingsprogrammet. Desse motsetjingane kjem tydeligast til syne i heilt konkrete istandsetjingsprosjekt i regi av pilotprosjekta, og ser i stor grad ut til å bli handterte gjennom dialog og møter, med sikte på å finne løysingar.

³⁴ Medan 6 av pilotprosjekta i 2008 rapportere at Verdiskapingsprogrammet i svært stor grad/stor grad har fungert som katalysator for å utløyse andre ressursar, er dei tilsvarande tala 8 for 2009 og 9 for 2010.

³⁵Brandtzæg og Haukeland 2010

4. KUNNSKAP OG LÆRING

4.1 INNLEIING

Fokus i kapitlet er retta mot den kunnskapsutvikling og læring som skjer i Verdiskapingsprogrammet, både knytt til lokale og regionale aktørar, og den sentrale programadministrasjonen³⁶. Sentrale tema er læringsarenaer, nettverk og bruk av samspelsarenaer³⁷. I dette kapitlet ser vi nærare på kunnskapsutvikling i forhold til det breie verdiskapingsomgrepet og organisering av utviklingsarbeidet. Spreiing, formidling og bruk av kunnskap utvikla og opparbeidd i programmet er også sentralt.

4.2 KOMPETANSE OG KUNNSKAP I PILOTPROSJEKTA

Alle pilotprosjekta rapporterer i 2010 at dei har tilgang på prosess/-prosjektleiarkompetanse og kulturfaglig kompetanse. Gjennom programperioden har pilotprosjekta sin tilgang på samhandlingskompetanse auka merkbart. Medan åtte av tolv prosjekt i 2008 meldte at dei ikkje hadde tilgang til samhandlingskompetanse, er dette tydelig endra i 2010, der ti av tolv pilotprosjekt oppgjer at dei har tilgang til slik kompetanse. Gjennom midtvegsevaluering og dybdestudier er det blitt tydelig at pilotprosjekta har opparbeidd seg slik kompetanse gjennom programperioden. Deltakinga i programmet har tilført pilotprosjekta kompetanse. Ein særlig viktig arena for utvikling og oppbygging av kompetanse har vore samlingane for pilotprosjekt. Her har deltakarane både blitt tilført ekstern kompetanse gjennom foredrag og liknande av faglige ressurspersonar, og pilotprosjekta har hatt høve til å drive med systematisk erfaringsutveksling seg i mellom. Eit funn som støttar dette, er pilotprosjekta sine vurderingar av tilgang til kompetanse i pilotprosjektet. Desse vurderingane er uforandra om ein samanliknar 2008 med 2010; to melder om svært god tilgang til kompetanse, ni melder om god tilgang, medan ein meiner tilgangen til kompetanse i pilotprosjektet er både –og. Dette tydar på at pilotprosjekta i stor grad er tilfredse når det gjeld tilgang til kompetanse.

³⁶ Kapittel 7 rettar merksemda mot programorganisering og programvurdering, og som ein del av dette inneheld kapitlet også vurderingar av kunnskapsutvikling og læring.

³⁷ Kapittel 6 fokuserer på utvikling av samarbeidsmodellar i arbeidet med verdiskaping basert på kulturminneressursen. Dette temaet har nær samband med kunnskap og læring i programmet, og desse to kapitla bør derfor sjåast i samband.

Gjennom arbeidet i Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet er det generert ulike typar kompetanse. Det pilotprosjekta oftast trekk fram er kompetanse på restaurering, skjøtsel, kulturminneforvaltning, samt prosess- og prosjektleiarkompetanse. Andre formar for kompetanse som er blitt utvikla undervegs i programmet er kompetanse om aktivisering av kulturarven i forhold til næringsutvikling, kultur som næring, kulturforståing og formidling. I forhold til samhandlingskompetanse har evalueringa vist at det i programmet er utvikla ein særeigen kompetanse for å handtere dialog på tvers av etablerte sektorar; mellomromskompetanse.

4.3 ARENAER FOR KUNNSKAPSUTVIKLING OG FORMIDLING

Undervegs i programperioden har alle pilotprosjekta etablert samarbeid med kompetanseinstitusjonar (Brandtzæg og Haukeland 2008, 2009, 2010, 2011). I 2010 rapporterte elleve av tolv pilotprosjekt om samarbeid med kompetanseinstitusjonar. I hovudsak dreiar dette seg om samarbeid med forskingsinstitusjonar, høøgskolar, universitet, konsulentfirma og museum. I programperioden har om lag halvdelen av pilotprosjekta³⁸ etablert samarbeid med ein eller fleire kompetanseinstitusjonar. Innhaldet i dette samarbeidet varierer frå generell styrking av kompetanse i pilotprosjekta til studentoppgåver, stipendiatarbeid, følgjeforskning og utgreiingar.

Fleire av pilotprosjekta har arbeidd aktivt for å generere og spreie kunnskap om kulturminne og verdiskaping lokalt. Mange har involvert skoler, barnehagar og andre oppvekstinstitusjonar i dette arbeidet. Graden av involvering har vore jamt aukande undervegs³⁹ i programperioden, og i 2010 rapporterte elleve av tolv pilotprosjekt om at dei involverte barnehagar og skoler i si kunnskapsoppbygging. Vanligast er et at skoler og barnehagar er involverte i kulturminnefeltet gjennom Den kulturelle skolesekken, egne skoleopplegg knytt til aktiv læring og "learning by doing".

Formidling av kunnskap er ei prioritert oppgåve for pilotprosjekta. For 2010 rapporterer elleve av pilotprosjekta at formidling i svært stor grad eller i stor grad er prioritert. Eit av prosjekta melder at formidling i nokon grad er ei prioritert oppgåve. Data frå resultatrapporteringa viser at det planmessige arbeidet med formidling er blitt stadig tydeligare. I 2007 var det ingen av prosjekta som hadde

³⁸ 7 i 2007, 9 i 2008, 7 i 2009 og 7 i 2010

³⁹ 8 i 2007, 10 i 2008 og 2009

utarbeidd eigen formidlingsplan, medan 7 av pilotprosjekta hadde fått dette på plass i 2010⁴⁰.

Formidlinga frå pilotprosjekta er retta mot særskilte målgrupper. Også på dette området ser det ut til at innrettinga blir tydeligare undervegs i programperioden⁴¹. Dei viktigaste målgruppene for formidling er lokalbefolkning/innbyggjarar, besøkande, næringsliv, frivillige organisasjonar, barn/unge, private eigarar. Fleire av pilotprosjekta har hatt eit særlig fokus retta mot læring og formidling av kunnskap utvikla gjennom programmet. Som ein del av dette har det vore arrangert mellom anna erfaringsseminar⁴², der formålet har vore at meir røynde tiltakshavarar formidlar frå sine erfaringar til andre som er i oppstartfasen av sine prosjekt. Blant dei viktigaste kanalane for formidling er: folkemøte, foredrag, informasjonsavis, internett, aviser, radio/TV og kurs⁴³. Når pilotprosjekta sjølve blir bedne om å vurdere i kva grad prosjektet har bidrege til å skape auka kunnskap om kulturarven sine verdskapingseffektar, er tendensen svært tydelig. Jo lenger ut i prosjektperioden ein kjem, jo tydeligare er prosjekta sine bidrag til kunnskapsutvikling og –spreiing⁴⁴.

På det regionale og nasjonale nivået er det i heile programperioden arbeidd aktivt med kunnskapsutvikling og formidling. Viktige arenaer har vore nasjonale pilotprosjektsamlingar og regionale prosjektsamlingar, inkludert ulike former for erfaringskonferansar. Gjennom pilotprosjektsamlingane er det blitt etablert eit opent klima for kommunikasjon og erfaringsutveksling, og dette har lagt grunnlag for kommunikasjon på tvers av pilotprosjekta. Både regionalt og nasjonalt har ein prioritert å arbeide med å formidle frå programmet, gjennom erfaringskonferansar og seminar, gjennom internettstader, filmar og bøker. I siste del av programperioden har formidlingsaktiviteten i særleg grad vore retta ut over deltakande pilotprosjekt, og vore retta mot det regionale og kommunale nivået.

⁴⁰ Tilsvarande tal for 2008 er 4 og for 2006 er talet 6

⁴¹ I 2008 rapporterte 9 pilotprosjekt om at særskilte målgrupper var utpeika for formidlingsarbeidet. Tilsvarande tal for 2009 er 10, og for 2010 er talet 8

⁴² Nordland og Oppland er blant pilotprosjekta som har arrangert slike erfaringsseminar

⁴³ For 2010 rapporterer samtlige tolv pilotprosjekt å ha nytta alle desse kanalane for formidling

⁴⁴ I 2007 rapporterte 6 av prosjekta at dei i stor grad hadde bidrege, 4 hadde bidrege i nokon grad, medan 2 i liten grad hadde bidrege. I 2009 rapportere 2 av prosjekta at dei i svært stor grad hadde bidrege, medan 6 i stor grad hadde bidrege, og 5 i nokon grad. For 2010 er en same tendensen tydelig: 3 av prosjekta meiner dei i svært stor grad har bidrege til auka kunnskap, 6 har i stor grad bidrege og 3 har i nokon grad bidrege

Norsk Kulturminnefond si rolle i Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet har vore svært viktig for sikring av den kulturminnefaglige kvaliteten i programmet. Dybdestudier (Brandtzæg m. fl 2010) har vist at det både på det regionale og kommunale nivået er stor variasjon når det gjeld kulturminnefaglig kompetanse og kapasitet. Ei undersøking blant private eigarar av kulturminne innafor Verdiskapingsprogrammet (Rambøll 2011), støttar dette funnet. Kulturminnefondet blir av private eigarar trekt fram som ein stor ressurs når det gjeld kulturminnefaglig kompetanse. Dei private eigarane gjer også uttrykk for at dei er svært tilfredse med den rådgiving og faglige bistand dei har mottatt frå fondet. Kulturminnefondet si kulturminnefaglige rolle i Verdiskapingsprogrammet har vore viktig, og har bidrege til å bygge opp kompetanse.

4.4 OPPSUMMERING

Å skildre den kunnskapsutvikling og læring som har skjedd på ulike nivå innafor Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet, har vore eit hovudtema i dette kapitlet. Evalueringa viser at leiinga av pilotprosjekta har vore prega av stor grad av læring; undervegs har ein henta inn nødvendig kompetanse som har bidrege til å gjere leiinga av pilotprosjekta meir robust. Interessant er det også å merke seg at pilotprosjekta har generert kompetanse gjennom programperioden. Dette gjeld i særleg grad kompetanse på istandsetjing, skjøtsel og kulturminneforvaltning. På det regionale nivået viser evalueringa⁴⁵ at Verdiskapingsprogrammet har bidrege til å utvikle nye former for samhandlingskompetanse og utvikla gode samarbeidsmodellar.

Undervegs i programperioden er det utvikla ei rad arenaer for spreining og formidling av kunnskap utvikla i programmet, der særleg pilotprosjektsamlingane har hatt ei sentral rolle i utvikling og formidling av relevant kompetanse. I siste del av programmet har det vore eit tydelig og målretta formidling retta ut over prosjektdeltakarane, der formålet har vore å formidle erfaringar til interesserte og relevante aktørar utanfor programmet.

⁴⁵ Organisering av samarbeid omkring verdiskaping basert på kulturminne er tema for kapittel 6, der læring og kunnskapsutvikling på det regionale nivået inngår.

5. VERDISKAPING

5.1 INNLEIING

Formålet med dette kapitlet er å få fram kva effektar Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet har i forhold til sosial, kulturell, miljømessig og økonomisk verdiskaping – og samanhengane mellom desse: det breie verdiskapingsomgrepet. Fokus vil bli retta mot effektar for befolkning, næringsliv og samfunn.

5.2 Å MÅLE VERDISKAPING

Kva effektar Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet har i forhold til kulturell, sosial, miljømessig og økonomisk verdiskaping, og samanhengane mellom desse formene for verdiskaping, har vore eit hovudspørsmål i evalueringsoppdraget.

Ei utfordring i evalueringsoppdraget har vore knytt til dokumentasjon av den ikkje-økonomiske verdiskapinga som finn stad lokalt og regionalt som eit resultat av at kulturarven blir tatt i bruk. Korleis måler ein denne verdiskapinga? Fleire har forsøkt å skildre og måle verdiskaping innafor kulturminnefeltet langs tradisjonelle økonomiske omgrep, som nytte- eller meirverdiar, der utfordringa har vore å finne anvendelige innfallsvinklar og metodar for måling av økonomiske effektar. Eit delvis svar på dette har Baadsvik og Daugstad (2003) gjeve, der dei operasjonaliserer økonomisk verdiskaping på kulturminnefeltet slik: kulturminne som produkt som skaper økonomiske ringverknader, kulturmiljøretta ressursforvaltning gjennom vern og vedlikehald av kulturminne og immateriell verdi relatert til oppleving, identitet og kunnskap. Utfordringa her er at medan det finst økonomiske indikatorar knytt til dei to første punkta, er det meir problematisk å operasjonalisere dei immaterielle verdiane. Noko av det same er til stades hos Nypan (2003) som argumenterer for at kulturminna representerer ein verdi i kraft av å bidra til kunstnarisk, utdanningsmessig og sosial utvikling, men som endar opp med økonomiske mål knytt til inntening gjennom forbruk, sysselsetjing og ringverknader. Kulturminnefeltet lar seg med andre ord vanskelig setje verdi på innafor dei modellar og den rasjonalitet som kan avleiast av eir økonomiorientert verdiskapingsomgrep.

Dette forholdet blir også tematisert i St.meld nr 22 (2004-2005) "Kultur og næring": *"På same måte kan det vere fruktbart å operere med eit vidt omgrep om*

verdiskaping forankra i ideen om berekraftig utvikling. Dette inneber at omgrepa verdiskaping og utvikling ikkje vert avgrensa til økonomisk vekst, men utvida til å omfatte både kulturelle, sosiale og økonomiske dimensjonar". Med dette som utgangspunkt, har ein sentral del av evalueringsoppdraget vore knytt til å operasjonalisere og fyller verdiskapingsomgrepet med konkret innhald⁴⁶, i tillegg til å konkretisere resultat og effektar av verdiskaping. Dette har skjedd i nært samspel og tett dialog med pilotprosjekt og programleiing.

5.3 OM VERDISKAPINGSEFFEKTR OG VERDISKAPINGSOMGREPET

Innafor konteksten til Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet, dreier omgrepet verdiskaping seg om å skape verdiar basert på kulturminne, og *brei verdiskaping* dreiar seg om miljømessige, kulturelle, sosiale og økonomiske effektar. I dette avsnittet gjer vi greie for korleis evalueringa har utvikla modellar for å undersøke korleis verdiskaping basert på aktiv bruk av kulturarv går føre seg, og korleis denne verdiskapinga har effektar som er miljømessige, kulturelle, sosiale og økonomiske. Som ein del av dette presenterer avsnittet arbeidet med å utvikle eit breitt og samanhengande verdiskapingsomgrep, som gjer greie for samspelet mellom dei ulike formene for verdiskaping. I det vidare fokuserer avsnittet på å synleggjere Verdiskapingsprogrammet sine effektar på miljømessig, kulturell, sosial og økonomisk verdiskaping.

5.3.1 Utvikling av eit omgrepsapparat for å måle verdiskaping

På bakgrunn av det dynamiske arbeidet som har gått føre seg med å definere og fyller verdiskapingsomgrepet med innhald, har evalueringsteamet i nært samspel med pilotprosjekt, programleiing og referansegruppe kome fram til ei forståing og ein definisjon som gjer det mulig å identifisere dei ulike formene for verdiskaping. Frå evaluator si side er det viktig å understreke at denne definisjonen av miljømessig, kulturell, sosial og økonomisk verdiskaping er av ein førebels karakter, utvikla for å kunne bidra til å kvantifisere og talfeste effektar av arbeidet i pilotprosjektet. I det vidare vil det vere behov for ytterligare omgrepsutvikling, for om mulig kunne utvikle autoritative definisjonar av miljømessig, kulturell, sosial og økonomisk verdiskaping med kulturminne som utgangspunkt. Delar av dette arbeidet med omgrepsutvikling er allereie starta, gjennom arbeidet med å

⁴⁶ Sjø t.d. Brandtzæg og Haukeland 2009

få fram eit berekraftig utviklingsperspektiv på natur- og kulturbasert verdiskaping (Haukeland og Brandtzæg 2009)⁴⁷.

I arbeidet med å evaluere Verdiskapingsprogrammet for kulturminne har desse forståingane av verdiskaping vore lagt til grunn:

- *Miljømessig verdiskaping* omfattar verdiar ved kulturminne, kulturmiljø og landskap som varierte og mangfaldige omgjevnader. I tillegg inngår god heilskaplig planlegging og forvaltning av fysisk miljø, god ressursforvaltning og energibruk, bl.a. gjennom gjenbruk av bygningar og material, mindre forureining og bevaring av biologisk mangfald.
- *Kulturell verdiskaping* omfattar verdiar som lokal eigenart, historieproduksjon og –bruk, lokal kunnskap, symbol og stoltheit, ulike former for "kulturell kapital" knytt til natur- og kulturarven.
- *Sosial verdiskaping* omfattar verdiar som kjensle av fellesskap, dugnadsand, samarbeid, samhandling, lokalt engasjement, tilhøyring, nettverk, tillit.
- *Økonomisk verdiskaping* omfattar ulike former for inntektsskapande aktivitet, som trygging av eksisterande verksemder og utvikling av verksemder. Omgrepet omfattar også innovasjon og merkevarebygging, i tillegg til ringverknader som tilflytting m.m

Omgrepet "verdiskaping på tvers" eller "*den breie verdiskapinga*" set søkelyset på samhengane mellom dei ulike formene for verdiskaping og dei verdiskapingseffektane desse representerer.

5.3.2 Miljømessig verdiskaping

Omgrepet miljømessig verdiskaping fokuserer på i kva grad arbeidet med verdiskaping knytt til kulturminneressursen har positive ringverknader i forhold til eit heilskaplig perspektiv på landskap og miljø. I resultatrapporteringa har følgjande indikatorar på miljømessig verdiskaping blitt tatt i bruk:

⁴⁷ I tillegg er det fleire pågåande forskingsprosjekt finansiert av NFR som på ulikt vis har fokus retta mot forståing av verdiskaping basert på kulturminne. Econ har utarbeidd fleire forskingsrapportar om økonomisk verdiskaping basert på kulturminne, t.d. Econ-rapport 2008:036

- effektar av bevaring og utvikling av kulturarven i forhold til vedlikehald av heilskaplege kulturlandskap
- bevaring av naturfaglege verdiar (biologisk mangfald)
- reduksjon av forureining og forsøpling
- bruk av ressurs- og energiøkonomiske løysingar

Resultatrapporteringa viser at alle pilotprosjekta⁴⁸ vurderer at *landskapet har betydning som ramme for arbeidet med verdiskaping basert på kulturminne*. Medan ti av pilotprosjekta rapporterer at landskapet har svært stor eller stor betydning, er det to av pilotprosjekta som meiner at landskapet har noko betydning. Når pilotprosjekta blir bedne om å konkretisere korleis dei opplever at landskapet som ramme har betydning for arbeidet med verdiskaping basert på kulturminne, gjev dei desse svara: *”kulturminna i prosjektområdet er i svært stor grad produkt av landskap og naturforhold”, ”landskapet inngår som ein naturleg del av dei fleste kulturminna”, og: ”landskapet er sjølv ramma for vandring, og er med på å skape historia/forteljinga undervegs”*⁴⁹.

Alle pilotprosjekta⁵⁰ rapporterer om at *restaurering og skjøtsel av kulturminne og kulturmiljø stimulerer til skjøtsel og vedlikehald av heilskaplege kulturmiljø*. Ni av pilotprosjekta meiner dette stimulerer i stor eller svært stor grad, medan tre av pilotprosjekta melder tilbake om at dette skjer i nokon grad. Pilotprosjektet Tradisjonsfisk skildrar samspelet mellom skjøtsel av kulturminne og vedlikehald av heilskaplege kulturmiljø på denne måten: *”Landskapet og bygga er ei ein del av kystkulturen, og har stor betydning i kystlandskapet.”*⁵¹.

Med omsyn til i kva grad restaurering og skjøtsel av kulturminne og kulturmiljø stimulerer til tiltak knytt til bevaring av *naturfaglege verdiar* som t.d. biologisk mangfald, svarer seks av pilotprosjekta stadfestande på dette. Tre av pilotprosjekta meiner dette skjer i stor grad, tre meiner det skjer i nokon grad, og tre meiner det skjer i liten grad⁵². Denne tendensen er samanfallande med funn frå resultatrapporteringa for 2009 (Brandtzæg og Haukeland 2010).

⁴⁸ Tal frå resultatrapporteringa for 2010

⁴⁹ Sitat henta frå resultatrapporteringa for 2010

⁵⁰ Frå resultatrapporteringa for 2010

⁵¹ Frå resultatrapporteringa for 2010

⁵² Dei resterande to pilotprosjekta har svart ”veit ikkje” på dette spørsmålet

Når pilotprosjekta blir spurde om restaurering og skjøtsel av kulturminne og kulturmiljø utløyser tiltak for å *reducere forureining og/eller forsøpling*, svarer tre av pilotprosjekta at dette skjer i svært stor eller stor grad. Fem av pilotprosjekta meiner dette skjer i nokon grad, medan tre av dei svarar at det skjer i liten grad⁵³.

Arbeidet med å bevare og utvikle kulturarven gjennom Verdiskapingsprogrammet ser ut til å stimulere til *auka fokus på bruk av ressurs- og energiøkonomiske løysingar*. Tre av pilotprosjekta rapporterer om at det i stor eller svært stor grad har vore ein slik effekt til stades, medan åtte melder om at dette i nokon grad har vore tilfelle⁵⁴. Når pilotprosjekta blir oppmoda til å kome med døme på ressurs- og energiøkonomiske løysingar, ser desse ut til å falle i to hovudkategoriar: fjernvarmeløysingar og gjenbruk av materialar.

5.3.3 Kulturell verdiskaping

Omgrepet kulturell verdiskaping kan i denne samanhengen forståast som ei styrking av lokal identitet og byrgskap. Dette kan i seg sjølv oppfattast som kulturell kapital, som kan nyttast som innsatsfaktor i prosessar knytt til mobilisering og utvikling. I resultatrapporteringa er desse indikatorane tatt i bruk i forhold til kulturell verdiskaping:

- Staden sin identitet og særpreg
- Symbolbruk og merkevarar
- Kompetanse
- Omdømme
- Attraktivitet

I resultatrapporteringa for 2010 svarte ni av pilotprosjekta at arbeidet innafør Verdiskapingsprogrammet i svært stor eller stor grad har bidrege til *auka forståing av historiske samanhengar på staden*. Denne tendensen har vore jamt aukande ut over i programperioden, noko som tyder på at denne effekten har blitt meir tydelig.

Også på spørsmål om pilotprosjektet har bidrege til å *styrke identitet og tilhøyring på staden*, er tendensen den same. Åtte av pilotprosjekta seier at dette har skjedd i svært stor eller stor grad. Samanlikna med resultatrapporteringane for 2008 og 2009, viser dette ei klår utvikling i positiv retning; stadig fleire meiner at

⁵³ Eit av pilotprosjekta har vald å svare "veit ikkje" på dette spørsmålet

⁵⁴ Eit av pilotprosjekta svarte "veit ikkje".

pilotprosjekta har hatt ein effekt på dette området⁵⁵. Når pilotprosjekta blir bedne om å konkretisere kva dei meiner har vore viktige suksessfaktorar i forhold til å styrke identitet og tilhøyring til staden, svarer dei mellom anna dette: *"Synliggjeri ng av kulturarven sin verdi for utvikling", "Tiltaka har opna opp området og gjort kulturminna til ein ressurs for befolkninga", "Å involvere lokalbefolkning, lag og foreiningar i arbeidet, og invitere desse til å kome med sine historier", "Formidling av kulturhistoria til byen og regionen gjennom felles arrangement og forteljingar"*⁵⁶.

Når pilotprosjekta får spørsmål om arbeidet med pilotprosjektet har bidrege til å styrke området sitt omdømme og attraktivitet, svarar fem at dette har skjedd i stor grad, medan sju svarar at dette har skjedd i nokon grad⁵⁷. I konkretiseringa av korleis pilotprosjektet har medvirka til å styrke attraktivitet og omdømme for området, er dette blant svara: *"Prosjektet har bidrege til ny aktivitet inn i gamle bygg, aktivitet som verkar samlande på alle delar av befolkninga", "Bygda står fram som langt meir velstelt, og fleire menneske snakkar om det fordi det har vore gjort eit stykkje arbeid der og prioritert store ressursar til bygda", "Kulturarven er tydeligare formidla, og opplevinga av ektehet er meir definert"*⁵⁸.

I løpet av programperioden er det mange av pilotprosjekta som gjev uttrykk for at *ressursar knytt til kulturarven blir nytta som grunnlag for merkevarebygging og profilering av stad*. I 2010 svarar ni av pilotprosjekta at dei i svært stor grad eller i stor grad har nytta slike ressursar som grunnlag for profilering og merkevarebygging⁵⁹. Seks av pilotprosjekta melder i 2010 at dei har utvikla symbol, logo eller merkevare knytt til prosjektet⁶⁰. Eigen logo, designmal, kvalitetsmerke og merkevarenamn er blant dei konkrete produkta som blir trekte fram.

5.3.4 Sosial verdiskaping

Omgrepet sosial verdiskaping refererer til lokalt medvit og engasjement omkring kulturminne. Ei tydelig medvite oppfatting vil kunne fremje sosiale verdiar, og

⁵⁵ Tilsvarande tal for dei som meiner at pilotprosjektet har bidrege i svært stor eller stor grad er fire for 2008 og fem for 2009

⁵⁶ Sitata er henta frå resultatrapporteringa for 2010

⁵⁷ Desse tala er frå resultatrapporteringa for 2010

⁵⁸ Sitata er henta frå resultatrapporteringa for 2010

⁵⁹ Denne andelen har vore stabil i heile programperioden (Brandtzæg og Haukeland 2010)

⁶⁰ Tilsvarande tal for 2008 var fire og for 2009 var talet sju

bidra positivt til lokalt arbeid med mobilisering og utvikling. Grad av samarbeid og samhandling er ein sentral del av det sosiale verdiskapingsomgrepet.

I resultatrapporteringa er desse indikatorane tatt i bruk i forhold til sosial verdiskaping:

- Samhandling
- Samarbeid
- Engasjement
- Dugnadsvilje
- Tilhøyring
- Fellesskap
- Nettverk
- Tillit

Når pilotprosjekta blir spurde om i kva grad ein har lykkast i å skape *medvit og engasjement blant ulike aktørar om kulturarven som ressurs*, svarar fem av pilotprosjekta i 2010 at dei opplever å ha lykkast med dette i svært stor eller stor grad⁶¹. Det som blir trekt fram som dei viktigaste suksessfaktorane for å skape medvit og engasjement, er mellom anna dette: *"Synlige resultat, suksesshistorier frå folk", "Gje økonomisk støtte og faglig rettleiing til engasjerte lag og foreiningar, det vil seie basert på idear og tiltak som har sprunge ut lokalt, og som blir eigd lokalt", "Peike på kva som er mulig å få til, bruke tid på modning"*⁶².

Bruken av den immaterielle delen av kulturarven ser ut til å hatt tydelige effektar i forhold til å skape engasjement lokalt. Arbeidet omkring Los-spelet i Atlanterhavsvegen Bud-Kristiansund er eit døme på dette. Denne scene-forteljinga som har fleire årlige oppsetjingar, er basert på historia om losyrket på den lumske Hustadvika, og er blitt svært godt mottatt lokalt. Eit anna døme på verdiskapingsarbeid som skaper stort lokalt engasjement er Gjerdet kulturminnegard som er ein del av pilotprosjektet Perler i Nordsjøløypa. Handverkarsamlingar i stua på garden har skapt møte mellom kunstnarar og lokale handarbeids- og handverkstradisjonar. Dette har mellom anna resultert i vidareutvikling av handarbeids- og handverkstradisjonar.

⁶¹ Sett i forhold til resultatrapporteringane frå føregåande år, er det her ein svakt stigande tendens.

⁶² Sitata er henta frå resultatrapporteringa for 2010.

På spørsmål om pilotprosjekta har bidrege til *auka samarbeid mellom aktuelle aktørar i forhold til kulturarven som ressurs*, svarar sju av dei i 2010 at dei i stor eller svært stor grad har bidrege til dette⁶³. Når pilotprosjekta blir bedne om å vurdere i kva grad pilotprosjektet har bidrege til auka kjensle av fellesskap mellom aktørar, er svarar seks av dei i 2010 at prosjektet deira har bidrege til dette i stor eller svært stor grad⁶⁴.

Pilotprosjekta opplever at det er *spesielle målgrupper* som er vanskelig å mobilisere og trekke med inn i utviklingsarbeidet. I 2007 ga elleve av pilotprosjekta uttrykk for at det var spesielle målgrupper som var vanskelig å mobilisere. I 2010 er dette talet redusert til ni. Det er stor grad av variasjon når det gjeld kva målgrupper det her er snakk om: alt frå eldre, ungdom, politikarar, næringsliv, frivillige organisasjonar blir nemnt av pilotprosjekta.

*Konfliktnivået*⁶⁵, slik det blir opplevd frå pilotprosjekta, ser ut til å ha vore nokolunde stabilt. I 2008 meldte to av pilotprosjekta at konflikhtar mellom ulike aktørar i stor eller svært stor grad bidrog til å hindre realisering av sentrale målsetjingar. I 2010 er det tilsvarande talet to⁶⁶. Variasjonsbreidda er stor når det gjeld type konflikhtar: forankring, forholdet eigedomsutvikling – kulturvern, forholdet mellom kommune og region.

5.3.5 Økonomisk verdiskaping

Omgrepet økonomisk verdiskaping refererer til verdiskaping på tilbodssida, det vil seie ei form for verdiskaping som kan kome som eit resultat av private verksemdar i marknaden, eller frå offentlig støtte for å fremje fellesgode.

I resultatrapporteringa er desse indikatorane tatt i bruk for å skildre økonomisk verdiskaping innafor Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet:

- Forretningsplanar
- Nyetableringar
- Utviding av eksisterande verksemdar
- Auka sysselsetjing
- Auke i talet besøkande til kulturminnet
- Auka tilflytting (attraksjon)

⁶³ Tilsvarande tal for 2007, 2008 og 2009 er åtte, sju og seks

⁶⁴ Dette er den same andelen som for 2009

⁶⁵ Dette punktet gjeld i hovudsak andre konflikhtar enn dei som dreiar seg om forholdet bruk/vern. Konflikhtar knytt til bruk/vern blir handsama i avsnitt 5.3.2

⁶⁶ I resultatrapporteringa for 2009 var det tilsvarande talet fem.

I programperioden er det utvikla i alt 30 *forretningsplanar* innafor pilotprosjekta⁶⁷. Resultatrapporteringa for 2010 viser at dei forretningsplanane som blei utvikla dette året fokuserte på forretningsverksemd på områda overnatting, servering, utleige, arrangement av møte og konferansar, gaiding og kulturformidling, handverkarverksemd, samt foredling og sal av lokal mat.

Etablering av nye verksemdar er eit stort og omfattande tema i resultatrapporteringa i tidsrommet 2007-2010. Når det gjeld etablering av nye *private verksemdar* viser datamaterialet at det er etablert i alt 66 slike verksemdar i programperioden. I same periode er det etablert i alt 9 nye *offentlige verksemdar*⁶⁸ og totalt 16 nye *frivillige verksemdar*⁶⁹. Data frå 2010 viser at dei nye verksemdene er knytt til område som handverksverksemd, gaiding og kulturformidling, arrangement av møte og konferansar, overnatting, servering og utleige, samt foredling og sal av lokal mat.

Sysselsetjingsveksten for nye verksemdar som har fått støtte frå Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet, er på totalt 56 årsverk for perioden 2007-2010⁷⁰.

Fleire *eksisterande private bedrifter* har utvida si verksemd. Tal frå resultatrapporteringa viser at i alt 125 private verksemdar har utvida sin aktivitet gjennom støtte frå Verdiskapingsprogrammet i perioden 2007-2010⁷¹. Samla sysselsetjingsvekst for verksemdar som har utvida sin aktivitet er på totalt 68 årsverk⁷².

Med omsyn til økonomiske ringverknader av Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet når det gjeld auke i talet på besøkande, auke i tilflytting, og

⁶⁷ Tal frå resultatrapporteringane viser at det i 2007 blei utvikla åtte forretningsplanar, medan det i 2008 blei utvikla sju slike planar. Tilsvarande tal for 2009 og 2010 er seks og ni.

⁶⁸ Tala som ligg bak er desse: fire verksemdar i 2007, tre verksemdar i 2008, ei verksemd i 2009 og to verksemdar i 2010

⁶⁹ sju av desse verksemdene blei etablerte i 2007, fire i 2008 ingen i 2009 og fem i 2010

⁷⁰ Denne veksten fordeler seg slik: 21 årsverk i 2007, 12 årsverk i 2008, 14 årsverk i 2009 og 9 årsverk i 2010

⁷¹ Denne auken fordeler seg slik: 24 i 2007, 20 i 2008, 27 i 2009 og 44 i 2010

⁷² Denne veksten fordeler seg slik: tolv i 2008, fjorten i 2009 og ni i 2010

auke i underleveransar, viser resultatrapporteringa at effektane er noko varierende⁷³.

5.3.6 Verdiskaping på tvers – eitt breitt verdiskapingsomgrep

Omgrepet "verdiskaping på tvers" eller "det breie verdiskapingsomgrepet", fokuserer på samanhengane mellom dei ulike formene for verdiskaping og verdiskapingseffektane. Spørsmåla som evalueringa stiller, er:

- I kva grad bidrar arbeidet knytt til økonomisk verdiskaping også til å fremje miljømessig, sosial og kulturell verdiskaping?
- I kva grad er det slik at miljømessig, sosial og kulturell verdiskaping kan vere ein ressurs for økonomisk verdiskaping?

Resultatrapporteringane viser at pilotprosjekta i aukande grad opplever at økonomisk verdiskaping bidrar til å fremje miljømessig, sosial og kulturell verdiskaping⁷⁴. På spørsmål om pilotprosjekta opplever også den motsette samanhengen, at miljømessig, sosial og kulturell verdiskaping bidrar til å fremje økonomisk verdiskaping, er tendensen også aukande⁷⁵. Dette kan tolkast som at medvitet omkring, og vektlegginga av samanhengane mellom dei ulike formene for verdiskaping har auka blant pilotprosjekta gjennom programperioden.

Når pilotprosjekta blir bedne om å skildre korleis miljømessig, kulturell og sosial verdiskaping i praksis blir nytta som ressurs for økonomisk verdiskaping, er dette eit vanlig svar: *"Miljømessig, sosial og kulturell verdiskaping er ofte grunnlaget for økonomisk verdiskaping. Gjennom synleggjering og verdsetjing blir ein meir medvite eigne kvalitetar og ressursar og kan slik sett utvikle og by fram opplevingar og produkt som er truverdige og har eit reelt innhald"*⁷⁶.

Dybdestudiene (Brandtzæg et.al 2010) viser tydelig at pilotprosjekta legg vekt på det breie verdiskapingsomgrepet, og ser kulturell, sosial, miljømessig og

⁷³ For 2010 rapporterte ti pilotprosjekt om auke i besøkande i stor/nokon grad, tre pilotprosjekt rapporterer om auka tilflytting i stor/nokon grad, ti pilotprosjekt rapporterer om sysselsetjingsvekst i stor/nokon grad, medan tre rapporterer om vekst i underleveransar i svært stor/stor grad

⁷⁴ I 2007 rapportere tre av pilotprosjekta at økonomisk verdiskaping i stor/svært stor grad har vore nytta som ressurs for øvrig verdiskaping. Tilsvarande tal for 2008 er seks, sju for 2009, og i 2010 hadde talet gått ned til to.

⁷⁵ I 2008 ga fem av pilotprosjekta uttrykk for oppleving av ein slik samanheng, medan tala for 2009 og 2010 er elleve og åtte.

⁷⁶ Sitatet er henta frå resultatrapporteringa for 2010

økonomisk verdiskaping i ein samanheng. Det er ein tydelig tendens blant pilotprosjekta at breidda i verdiskapingsomgrepet i større grad har blitt tydeliggjort i avslutningsfasen samanlikna med tidligare i programmet. Dei kvalitative studia⁷⁷ som er gjennomførte i evalueringa av Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet viser tydelig korleis det gjennom prosjektperioden har skjedd ei spreining av forståinga for innhaldet i det breie verdiskapingsomgrepet både lokalt, regionalt og nasjonalt. Det er variasjon når det gjeld korleis ulike aktørar vektlegg dimensjonane i verdiskapingsomgrepet. Over tid er det tydelig at det har skjedd endringar i vektlegging av ulike former for verdiskaping i pilotprosjekta og blant samarbeidspartar. I den første delen av programperioden var det blant pilotprosjekta eit større fokus på miljømessig, sosial og kulturell verdiskaping, noka som innebar vektlegging av istandsetjing, mobilisering og forankring. Etter kvart som ein har kome vidare inn i programperioden har denne plattformen for utviklingsarbeid med utgangspunkt i kulturminneressursen kome på plass, og økonomisk verdiskaping har fått auka fokus. Denne forma for utviklingsarbeid krev eit langsiktig perspektiv, og trulig vil mange av effektane av det arbeidet som no er sett i gang først bli synlige og konkrete etter at programperioden er over.

5.4 OPPSUMMERING

Evalueringa viser at Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet har oppnådd konkrete effektar i forhold til dei målsetjingane som er sette opp for verdiskaping.

Når det gjeld *miljømessig verdiskaping* er det i programperioden tydeliggjort ein sterk og klår samanheng mellom dei materielle og immaterielle kulturminna og det landskapet kulturminna er ein del av. Det er etablert medvit om ein tydelig positiv vekselverknad mellom det å ta vare på kulturminne og å ta vare på landskapskvalitetar. I forhold til måla om reduksjon av forureining og forsøpling, og bruk av ressurs- og energiøkonomiske løysingar, har programmet bidrege til å synleggjere positiv vinst.

På området *kulturell verdiskaping* er det tydelig at programmet har bidrege positivt til ei synleggjering av kulturarven, som igjen har styrka stadlig identitet og særpreg. Aktiv bruk av kulturarven i merkevareutforming og omdømmebygging, er konkrete effektar av Verdiskapingsprogrammet.

⁷⁷ Magnussen og Søfting 2009, 2010, Magnussen 2008, Magnussen m. fl 2009

I forhold til *sosial verdiskaping* er det ein tydelig samanheng mellom konkrete resultat i form av istandsetjing av kulturminne og lokalt medvit og engasjement. Dette engasjementet synast å auke ut over i programperioden. Grad av samarbeid i verdiskapingsarbeidet er stor, og utviklingsarbeidet med utgangspunkt i kulturminna har styrka kjensla av fellesskap på stader.

Det er på området *økonomisk verdiskaping* at verdiskapingseffektane står fram som mest konkrete og kvantifiserbare. Det er utarbeidd i alt 30 forretningsplanar i pilotprosjekta. I løpet av programperioden er det etablert i alt 66 nye private verksemder, 9 nye offentlige verksemder og 16 nye private verksemder. 125 eksisterande bedrifter har utvida si verksemd. Samla sysselsetjingsvekst i bedrifter som har utvida si verksemd, eller har etablert ny verksemd, er 124 årsverk. Når det gjeld ringverknader av programmet i form av auke i talet på besøkande, auka tilflytting og auke i underleveransar, er effektane meir beskjedne.

Med omsyn til *den breie verdiskapinga*, viser evalueringa ein tydelig samanheng mellom dei ulike elementa i verdiskapingsomgrepet. Økonomisk verdiskaping bidrar til miljømessig, sosial og kulturell verdiskaping, samstundes som miljømessig, sosial og kulturell verdiskaping er sentrale og grunnleggande føresetnader for økonomisk verdiskaping.

6. ORGANISERING AV SAMARBEID OMKRING VERDISKAPING BASERT PÅ KULTURMINNE

6.1 INNLEIING

I dette kapitlet ser vi nærare på den utviklinga av samarbeidsmodellar, metodar og verkty som har gått føre seg innafor Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet. Korleis programmet har bidrege til auka samarbeid mellom ulike aktørar på tvers av fag- og myndighetsgrenser, er eit viktig tema. Samarbeid på tvers er derfor eit sentralt tema, saman med utvikling av samhandlingskompetanse.

6.2 SAMARBEID PÅ TVERS

Evalueringa synleggjer interessante skilje mellom pilotprosjekta når det gjeld muligheter for å utvikle samarbeid på tvers. På lokalnivået dreier samarbeid på tvers seg i hovudsak om samordning mellom offentlig, privat og frivillig sektor. Frivillig sektor er eit område alle pilotprosjekta trekk fram som avgjerande for å styrke lokalt engasjement. Samordning på det regionale nivået omfattar både fylkesnivået og det interkommunale nivået. På programnivået omfattar samarbeid på tvers eit samarbeid mellom ulike nasjonale aktørar på tvers av fag- og myndighetsgrenser.⁷⁸

Måten pilotprosjekta er organisert og forankra på, synest å påverke deira muligheter for samarbeid på tvers. I dybdestudien (Brandtzæg m.fl 2010) blei det regionale nivået si nøkkelrolle synleggjort tydelig gjennom den fylkeskommunale organisasjonen. I to av dei utvalde pilotprosjekta: Oppland og Nordland, er prosjektleiinga lagt fylkeskommunen. I Nordland er den lagt til næringsavdelinga, medan leiinga i Oppland er lagt til fylkeskonservatoren. I Oppland er det arbeidd mykje med å legge til rette for samordning. Mange sektorar og nivå har vore involverte; grend og bygd, kommunar, regionråd og fylkesnivå. Pilotprosjektet i Oppland har tatt eit grep på fylkesnivå for å styrke det tverrsektorielle samarbeidet ved å etablere ei breitt samansett styringsgruppe. Her er sentrale aktørar for plan- og utviklingsarbeid hos fylkeskommunen representert, saman med representantar frå Fylkesmannen og Innovasjon Norge. I pilotprosjektet i Oppland har ein arbeidd aktivt få til ei betre samordning mellom verkemidla som

⁷⁸ Samarbeid på programnivå er tema for kapittel 7

Fylkesmannen og fylkeskommunen rår over. Regionalisering av Fylkesmannen sine BU-midler har inngått som ein del av dette.

Kor og korleis pilotprosjekta er forankra i fylkeskommunen, påvirkar mulighetene for samordning mellom sektorar. Evalueringa viser likevel at uavhengig av kva fylkeskommunal sektor prosjektleiinga blir forankra i, har det vore eit klårt fokus retta mot å kombinere ulike verdiskapingsformer og sjå kulturminnevern og regionalt utviklingsarbeid i ein samanheng. Fylkeskonservatoren, som har hatt ansvaret for prosjektleiinga i Oppland har vore svært opptatt av å få til lønsam næringsutvikling og samstundes bevare kulturarven. I Nordland har prosjektleiinga i næringsavdelinga hatt eit spesielt fokus på kulturarven. I Nordland har Verdiskapingsprogrammet bidrege til ei meir integrert og tverrsektoriell arbeidsform i fylkeskommunen. Kulturminne er ein større del av diskusjonen om regional utvikling, og ein konsekvens av dette er at næringsavdelinga har omorganisert arbeidet med reiseliv, fordi fokuset på kulturminne som ressurs synliggjorde kor viktig denne ressursbasen er. Derfor har ein dreidd frå eit reint reiselivsfokus til opplevingsnærings, for å skape rom for kulturbasert næringsutvikling i eit breiare perspektiv. Frå kulturminneavdelinga si side helsar ein pilotprosjektet og verdiskapingsfokuset velkomen, og er at dette arbeidet har bidrege til nyskaping, problemløysing og nye forbetra arbeidsformer innafor kulturminnefeltet.

Når det gjeld samordning på nivået mellom det lokale og det regionale, er spesielt regionalparkene Nærøyfjorden Verdsarvpark og Valdres natur- og kulturpark interessante. Konseptet er henta frå dei europeiske regionalparkane, der fleire kommunar går saman i ei felles overbygging for å fremje lokal og regional utvikling tufta på natur- og kulturarven. For at natur- og kulturarven skal vere ein sentral ressurs i samfunnsutvikling, må det vere gjensidig forsterkande samspel mellom dei ulike formene for verdiskaping. I prosessen for å sikre felles verdigrunnlag og fundament for utviklingsarbeidet, har Nærøyfjorden verdsarvpark utarbeidd ein parkplan som tydeliggjer kva grunnleggande verdiar, visjonar, strategiar og mål verdsarvparken skal ha i arbeidet sitt. Denne langsiktige strategiplanen med tilhøyrande handlingsplan legg grunnlag for å definere kva parken kan bidra med i forhold til ulike samarbeidspartar og kva desse partnarane kan bidra med til parken. Gjennom regionalparkmodellen ser det ut til å bli bygd opp eit organisatorisk system for berekraftig utvikling av natur- og kulturarven.

Verdiskapingsarbeidet basert på kulturminne er ikkje eit eige forvaltningsområde. Arbeidet skjer både innanfor og på tvers av allereie etablerte forvaltningsområde.

Å drive nærings- og samfunnsmessig utviklingsarbeid med utgangspunkt i kulturminne som ressurs, inneber at ein dels arbeider innafor kulturminnefeltet, dels med næringsutvikling og dels med (lokal)samfunnsutvikling. Ein arbeider mellom dei etablerte felta kulturminneforvaltning og næringsutvikling, og ein arbeider på tvers av forvaltningsnivå. Utfordringane dette skaper, er at pilotprosjekta må ha inngåande kjennskap til fleire forvaltningsområde, og ha kunnskap om ulike arbeidsmåtar. Som tverrgåande arbeids- og forvaltningsområde kan derfor verdiskapingsarbeid med utgangspunkt i kulturminne opplevast som uryddig, fordi det skaper uorden ved å utfordre etablerte logikkar, praksisar og arbeidsmåtar. Realisering av verdiskaping basert på kulturminne som ressurs krev ei **kopling** mellom fleire ulike forvaltningsfelt. Dette kan i utgangspunktet være utfordrande. Men - døme frå pilotprosjekta⁷⁹ (Brantdzæg et.al 2010, Magnussen og Søfting 2009) viser at dette er mulig.

6.3 UTVIKLING AV SAMARBEIDSKOMPETANSE

Undervegs i programperioden har det blitt tydelig at utviklingsarbeid med utgangspunkt i kulturminneressursen er eit krevjande arbeid, som set særlige krav til samarbeidskompetanse (Magnussen og Søfting 2009). Spesielt har det vist seg at prosjektleiaren har ei nøkkelrolle i denne kompetanseutviklinga. I dette avsnittet ser vi derfor nærare på utviklinga av prosjektleiarrolla i programmet, og vi drøftar den særskilte forma for mellomromskompetanse som er blitt utvikla.

6.3.1 Prosjektleiarrolla

I Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet har det vore stor variasjon mellom pilotprosjekta når det gjeld ressursar til prosjektleiing. Medan om lag halvdelen av pilotprosjekta har hatt prosjektleiar i full stilling, er det fleire stader der ressursen til prosjektleiing har vore mellom 40 og 20%⁸⁰. Undervegs i programperioden har fleire av pilotprosjekta rapportert om at dei har opplevd ressursane som er sette av til prosjektleiing som for knappe. For 2010 meldte sju av pilotprosjekta om dette.

Prosjektleiarrolla i utviklingsarbeid blir ofte omtalt som ei kunnskapsrolle (Holm m. fl 2010). *Kunnskap* omfattar i denne samanhengen fleire dimensjonar. Den første dimensjonen er knytt til kva kunnskap prosjektleiaren innehar. Det kan

⁷⁹ Sjå avsnitt 6.4 for døme på mulighetsrom

⁸⁰ Mange endringar undervegs i programperioden gjer det vanskelig med konkret talfesting av ressursar sett av til prosjektleiing.

dreie seg om konkret og funksjonell kunnskap knytt til lokal kontekst, såkalla "lokalkunnskap", og generell kunnskap i form av fagkunnskap. Kombinasjonen av desse kunnskapsformene; lokalkunnskap og generell kunnskap er viktig. Sett i forhold til prosjektleiarane innafor Verdiskapingsprogrammet, er det interessant å sjå at alle pilotprosjekta rapporterer at dei har tilgang på prosess- og prosjektleiarkompetanse, i tillegg til kulturminnefaglig kompetanse⁸¹. Eit klårt fleirtal⁸² melder også at dei har god tilgang på samhandlingskompetanse og økonomisk kompetanse. Desse funna frå resultatrapporteringa støttar opp om funn gjort i kvalitative studiar (Magnussen m.fl 2009, Brandtzæg m.fl 2010), om at prosjektleiarane innafor Verdiskapingsprogrammet innehar ein brei kompetanse på prosess- og utviklingsarbeid.

Prosjektleiaren si "verktøykasse" er ein annan kunnskapsdimensjon, som omfattar handlingar og mulighetsrom i den meir praktiske gjennomføringa av arbeidet. Dette er nært knytt til utforminga av prosjektleiarrolla, som proaktiv vs reaktiv.

Sett i forhold til den prosjektleiarrolla som har vore mulig å identifisere i Verdiskapingsprogrammet, er det tydelig at langt dei fleste har vald å utforme denne rolla som ein aktiv pådrivar, med initiativ, engasjement og stort pågangsmot. Fleire av prosjektleiarane har vore særlege aktive innafor sin eigen organisasjon med å skape eit handlingsrom for denne proaktive rolla (Magnussen og Søfting 2010).

Ein tredje dimensjon knytt til kunnskap i prosjektleiarrolla, dreiar seg om å arbeide i spenningsfeltet *mellom frivillig arbeid og profesjonelt arbeid*. Dette dreiar seg ofte om ulike arbeidsformer – ulik grad av tilgjenge, og krev at prosjektleiaren er lydhør, open og kreativ. Prosjektleiarane i Verdiskapingsprogrammet har i lys av dette stått fram som opne og fleksible, med stor evne til å skape gode arenaer for samarbeid mellom frivillige og profesjonelle.

Den fjerde dimensjonen ved prosjektleiarrolla i lokalt utviklingsarbeid dreiar seg om forholdet *mellom prosjekt som mellombels "happening" og strategiar for å integrere utviklingsarbeid i ordinært administrativt apparat*. I samarbeidet innafor Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet fungerer prosjektleiaren som nav, som koplars ressursar, personar og kompetanse. Prosjektleiaren skaper kontakt mellom nettverk i og utanfor staden gjennom å koordinere, omsetje og

⁸¹ Tal frå resultatrapporteringa frå 2010.

⁸² Dette gjeld ti av i alt tolv pilotprosjekt

bygge ned barrierar. Eit tydelig trekk ved pilotprosjekta er derfor at mange, allereie frå starten av, har arbeidd aktivt med å sikre "livet etter prosjektperioden". Pilotprosjekta har hatt klart fokus på vidareføring: "Det er nødvendig å ha planar for vidareføring, elles blir det kampanje, og vi kan fort vere tilbake der vi starta"⁸³. Innarbeiding av verdiskaping basert på kulturminne i regionale og lokale strategiar og plandokument er døme på ei slik arbeidsform, etableringa av regionalparkar som organisatoriske verkty for langsiktige utviklingsprosessar er eit anna.

Sosiologen Cato Wadel (1984) lanserte på 1980-talet omgrepet "det skjulte arbeidet". Med dette argumenterer han for eit utvida arbeidsomgrep som han meiner bør omfatte alle aktivitetar som er nødvendige for å vedlikehalde allment verdsette relasjonar og institusjonar. Trulig gjeld dette ikkje berre vedlikehald, men også oppretting og etablering av relasjonar og ordningar. Skjult arbeid dreiar seg også om alle dei uformelle sosiale relasjonane, som er nødvendige for å få ting til å fungere. Prat er ein føresetnad for samarbeid og koordinering. Dette skjulte, eller lite synlige arbeidet, har vore ein viktig og nødvendig del av prosjektleiarane sitt arbeid, ikkje minst for å formidle forståinga av det breie verdiskapingsomgrepet. Bruk av tid på dette området representerer ei investering i relasjonsbygging, som har vist seg å vere avgjerande for arbeidet på pilotprosjektnivå. Dette inneber at prosjektleiarane har prioritert og brukt tid på møte med potensielle samarbeidspartar for å informere om Verdiskapingsprogrammet og klargjere mulige område for samarbeid. Det skjulte arbeidet har vore tids- og arbeidskrevjande, men heilt nødvendig for å etablere ei forståingsmessig plattform for arbeidet innafor Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet.

6.3.2 Mellomromskompetanse

I forvaltninga og verkemiddelapparatet finst det muligheter til positivt samspel og verdiskaping på tvers. Mange av prosjektleiarane har arbeidd særlig bevisst med samarbeid og samhandling i forhold til verkemiddelapparatet på regionalt nivå. Stor innsats er lagt ned i å få ulike delar av verkemiddelapparatet til "å snakke saman", og til å finne løysingar i fellesskap. Det finst mulighetsrom mellom ulike felt, der ein kan utvikle nye samarbeids- og samhandlingsformer, dersom ein samtidig vektlegg utvikling av språklig og sosial kompetanse i form av "mellomromskompetanse" (Nygårdsvik 2008).

⁸³ Frå resultatrapporteringa for 2010

Dei vellykka møta har skapt arbeidsformer som sprenger barrierar; mellom forvaltningsnivå, mellom sektorar og mellom ulike delar av verkemiddelapparatet. Når ulike kompetansar blir brakt saman, kan dette skape ei ny, felles forståing. Å skape ei felles forståing krev nærhet og utvikling av felles språk. Føresetnaden er at dei som deltar investerer tid og vilje til å få dette til. Når aktørar frå ulike arenaer møttest med ulik kompetanse og ulike utgangspunkt, men med eit felles mål, blir nye og innovative arbeidsformer utvikla.

Eit døme frå arbeidet innafør "Den verdifulle kystkulturen i Nordland" er eigna til å ytterligare understreke korleis mellomromskompetanse er ein nødvendig føresetnad for å skape godt samarbeid basert på kulturminne som ressurs:

Allereie frå oppstarten av forprosjektet i 2005 har "Den verdifulle kystkulturen i Nordland" arbeidd aktivt for å informere, involvere og etablere samarbeid med ulike aktørar på det regionale nivået. Det er blitt gjennomført ei rad møte, der formålet har vore å informere og skape forståing for dette.

Ein av dei viktigaste samarbeidspartane har vist seg å bli Innovasjon Norge i Nordland⁸⁴. Som ein del av samarbeidet mellom regionale aktørar i Nordland, har Innovasjon Norge blitt invitert inn til ulike arenaer i prosjektet. Innovasjon Norge har t.d. deltatt på fleire erfaringsseminar i regi av "Den verdifulle kystkulturen i Nordland", og bidrege både med informasjon og erfaringsutveksling. På denne måten har Innovasjon Norge brukt tid på å bli kjent med "Den verdifulle kystkulturen i Nordland" når det gjeld arbeidsformer, deltakarar og prosjekt.

Innovasjon Norge og "Den verdifulle kystkulturen i Nordland" har også samarbeidd konkret om enkeltsaker. Undervegs i dette samarbeidet kom ein til den erkjenninga at dei ulike aktørane har ulike vurderingar og ulike innretningar i forhold til kundar/søkarar. Ei løysing på dette har vore å gjennomføre felles kundemøte. Her har søkar og representantar frå både Innovasjon Norge og "Den verdifulle kystkulturen i Nordland" møttest for å gjennomgå prosjekt og muligheter for gjennomføring av dette. Ein føresetnad for slike møte er at søkar har levert skriftlig materiale på førehand, slik at dei ulike deltakarane i møtet har høve til å setje seg inn i prosjektet og førebu seg best mulig.

⁸⁴ Også andre regionale aktørar som t.d. Fylkesmannen si landbruksavdeling, Kystverket m.fl har vore viktige samarbeidspartar i prosjektet. Vi trekk i denne samanhengen fram Innovasjon Norge, fordi vi meiner utviklinga av denne samarbeidsrelasjonen kan ha stor overføringsverdi i forhold til andre prosjekter.

Innovasjon Norge oppfattar slike møte som svært nyttige. Det gjer høve til å få fram nødvendig informasjon; denne informasjonen blir delt mellom deltakarane, og det er mulig å gjere nødvendige avklaringar i løpet av møtet. Ei slik møteform gjer det mulig å sortere ut ulike element ved søkaren sitt prosjekt. Ein kan konkludere med om prosjektet er eigna for samfinansiering mellom "Den verdifulle kystkulturen i Nordland" og Innovasjon Norge, om prosjektet kan delast opp for finansiering mellom dei to partane, eller om det er slik at ein (eller fleire) av partane som ikkje er relevant for finansiering. Felles informasjon, diskusjon og muligheten for avklaring blir framheva som det viktigaste ved denne typen møte.

Innanfor programmet⁸⁵ har det over tid vekst fram ei felles forståing av innhaldet i det breie verdiskapingsomgrepet. Programmet stått for ei utprøving av nye metodar for berekraftig bruk av kulturminne⁸⁶. Verdiskapingsprogrammet har opna dører mellom næring og kulturvern, og gjennom det berika begge felt. Programmet har også bidrege til ei utvikling av eit felles språk mellom desse to felt, basert på ei felles fortolking av det breie verdiskapingsomgrepet. Dette språket og omgrepsapparatet det representerer, er kanskje eit av dei viktigaste bidraga programmet kan gje vidare til feltet etter at programmet er slutt.

6.4 OPPSUMMERING

Dette kapitlet har vist korleis det innafor Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet er utvikla ulike former for modellar for samarbeid på tvers av sektorar, nivå og myndighetsgrenser.

Faglig sterke og kompetente prosjektleiarar har spela ei nøkkelrolle i programarbeidet, og har vore pådrivarar for etablering av samarbeid på tvers av dei tradisjonelle sektorgrensene mellom kulturminnevern og nærings- og samfunnsutvikling. I dette arbeidet har samhandlings- og prosesskompetanse vore ein viktig føresetnad.

Innafor programmet er det blitt etablert ei felles forståing og ein felles språkbruk knytt til breidda i verdiskapingsomgrepet. Denne forståinga har med stor kraft

⁸⁵ St.meld. nr 22 (2004-2005) "Kultur og næring" fokuserer også på kultur og kulturarv som ressurs for bred samfunnsutvikling.

⁸⁶ Kapittel 7 gjev ei meir inngåande skildring av ulike samarbeidsmodellar

blitt formidla også til aktørar utanfor programmet, og evalueringa viser fleire døme på korleis slikt formidlingsarbeid aktivt har tatt i bruk mellomroms-kompetanse, og bidrege til å skape felles forståingar på tvers av forvaltningsområde.

7. PROGRAMORGANISERING OG PROGRAMVURDERING

7.1 INNLEIING

Kapitlet rettar merksemda mot programplanen og prosjektleinga i Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet, og ser på i kva grad desse verkar fremjande, eventuelt hemmande på dei prosessar som blir sette i gang lokalt og regionalt i regi av pilotprosjekta. I tillegg vil vi sjå nærare på forholdet til andre verkemiddel/delar av verkemiddelapparatet, særleg grad på koordinering auka vektlegging av kulturarv som samfunnsressurs.

7.2 SAMARBEID PÅ PROGRAMNIVÅ

Miljøverndepartementet er oppdragsgivar for Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet og har gjeve Riksantikvaren i oppdrag å etablere og gjennomføre programmet. Norsk kulturminnefond blir i St.meld nr 16 (2004-2005) *"Leve med kulturminner"* gjeve ei viktig rolle i arbeidet med verdiskaping, i særleg grad knytt til finansiering av utvikling og verdiskaping i pilotprosjektområda. God og systematisk kommunikasjon mellom Riksantikvaren og Norsk Kulturminnefond er utvikla undervegs i programperioden, og har bidrege til å skape ei delt forståingsplattform, og ein tydelighet i forhold til kommunikasjon med pilotprosjekta.

I Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet har Norsk Kulturminnefond hatt ei viktig rolle i forhold til finansiering i pilotprosjektområda. Frå Riksantikvaren si side blir også Kulturminnefondet si rolle som sikrar av kulturminnefaglig kvalitet trekt fram som svært viktig. På det regionale nivået blir det opplevd å vere stor variasjon når det gjeld kulturminnefaglig kompetanse og kapasitet. Kulturminnefondet si kulturminnefaglige rolle i Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet er derfor særleg sentral⁸⁷.

⁸⁷ Sjå også avsnitt 4.3. for ei nærare skildring av Kulturminnefondet si rolle i Verdiskapingsprogrammet

7.3 SAMARBEIDSPARTAR NASJONALT

Ei viktig side ved arbeidet i programleiinga er knytt til etablering av samarbeid med nasjonale aktørar. Dette blir slått tydelig fast i St. meld. nr 16 (2004-2005) "Leve med kulturminner", der det frå Miljøverndepartementet blir formulert følgjande: *"Departementet vil i samarbeid med de berørte departementene se nærmere på hvordan ulike statlige virkemidler kan ses i sammenheng for å bidra til verdiskaping gjennom en meir aktiv bruk av kulturminnene og kulturmiljøene"*⁸⁸.

I programnotatet som ligg til grunn for Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet, definerer Riksantikvaren dette som ei viktig oppgåve for programnivået: *"søke dialog med andre nasjonale aktører (departementer, direktorater, næringssammenslutninger, forskningsmiljøer, sekretariat for frivillige organisasjoner m.v) som har oppgaver relatert til kulturbasert næringsutvikling og verdiskaping. Intensjonen vil være å samordne virkemiddelbruk generelt og spesielt i forhold til verdiskapingsprogrammet"*⁸⁹.

Å klargjere kva føresetnader som må vere til stades for å fremje verdiskaping basert på kulturminne, og å avdekke eventuelle flaskehalsar som må fjernast, er eit av regjeringa sine overordna mål med Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet. Dette arbeidet har vore prioritert av programleiinga, og har vore eit gjennomgåande tema på dei aller fleste pilotprosjektsamlingar. Her har ein lagt vekt på å få fram erfaringar frå pilotprosjekta, i særleg grad knytt til deira møte med ulike delar av verkemiddelapparatet. Ei utfordring i dette arbeidet har vore å få fram konkrete og dokumenterte døme på slike flaskehalsar. I 2008 blei det derfor frå Riksantikvaren tatt initiativ til ei nasjonal referansegruppe for verkemiddelsamordning. Denne gruppa har hatt eit par møte, men ikkje lukkast i å få til konkrete resultat for verkemiddelsamordning.

Innovasjon Norge representerer ei viktig potensiell finansieringskjelde for mange prosjekta i programmet. For pilotprosjekta har det vore viktig å oppmode programleiinga til å skape ein god dialog med Innovasjon Norge for å gå opp grenser. Medan Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet har ei brei og omfattande målsetjing, representerer Innovasjon Norge sitt verkemiddelapparat eit snevrare fokus retta mot kommersialisering. I forhold til Verdiskapingsprogrammet sitt samarbeid med Innovasjon Norge har mykje av kontakten gått føre seg på pilotprosjektnivået, der programleiinga ofte har vore representert.

⁸⁸ St.meld. nr. 16 (2004-2005): Leve med kulturminner, s 55-56

⁸⁹ Riksantikvaren (2006): Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet, programnotat 02.02.06, side 3

Samarbeidet har vore prega av ein del utfordringar, i særleg grad knytt til møta mellom ulike definisjonar og forståingar av omgrepet verdiskaping.

Eit stadig tilbakevendande tema i relasjonen mellom programleiing og pilotprosjektnivå er forventningane til nasjonal samordning av verkemiddel. Frå pilotprosjekta er det ei tydelig forventning om at deltaking i Verdiskapingsprogrammet skal vere ein døropnar når det gjeld nasjonale finansieringskjelder, og at ein som søker skal møte eit mest mulig koordinert verkemiddelapparat. I fleire ulike programsamanhengar der dette temaet er brakt på bane av pilotprosjekta, har programleiinga tatt i mot budskapen, men samstundes oppmoda pilotprosjekta til å ta fatt i denne utfordringa på det regionale nivået. Fleire av pilotprosjekta har tatt denne utfordringa, og arbeidd systematisk med å ta i bruk det regionale handlingsrommet⁹⁰.

7.4 BREIE RESULTAT AV VERDISKAPING

Korleis verdiskapingsomgrepet kan nyttast på kulturminnefeltet, har vore tema for fleire rapportar (Guttormsen 2006, Baadsvik og Daugstad 2003, Brandtzæg og Haukeland 2009). Kva oppfattingar som eksisterer omkring verdiskaping, og korleis desse blir anvendte på kulturminnefeltet, er tema for ein studie frå NIKU (Guttormsen 2006). Studien viser at verdiskaping inngår i strategiar for berekraftig utvikling, miljø-økonomisk tenking og i kulturarvteoretisk tenking. At det er eit gap mellom sektorområda når det gjeld kunnskap om verdiskaping på kulturminnefeltet, er eit tydelig funn.

Gjennom programperioden har arbeidet med å skape ei felles forståing av innhaldet i det breie verdiskapingsomgrepet vore prioritert frå programleiinga, både i møte med dei deltakande pilotprosjekta og i møte med andre samarbeidspartar. I forhold til den årlige resultatrapporteringa er verdiskapingsomgrepet konkretisert gjennom målbare parameter (Brandtzæg og Haukeland 2008, 2009, 2010,2011) , og det er på denne bakgrunn skapt ei felles forståing blant deltakarane i Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet. Deltakarane i programmet har hatt ei aktiv rolle i å skape denne forståinga. Dei har vore sterkt deltakande i definisjonsprosessen, og har vist stor grad av openhet i forhold til dei ulike dimensjonane i verdiskapingsomgrepet. For programleiinga

⁹⁰ Pilotprosjektet i Nordland, jfr avsnitt 6.3.2 er døme på dette, saman med mellom anna pilotprosjektet i Oppland.

har det vore viktig å forankre omgrepsforståinga blant deltakarane, ikkje minst for å skape ei forståingsramme som er fattbar, brukande og forståelig⁹¹.

Det breie verdiskapingsomgrepet, der den tradisjonelle økonomiske forståinga av verdiskaping blir utvida til også å omfatte sosial, kulturell og miljømessig verdiskaping, utfordrar programmet sine møte med andre nasjonale aktørar⁹². Eit tydelig funn frå midtvegsevalueringa (Magnussen m. fl. 2009), er at det i denne kommunikasjonen var behov for ei klårare forståing av det konkrete innhaldet i desse omgrepa, og i særleg grad gjeld dette synleggjing av samspelet mellom økonomisk, sosial, kulturell og miljømessig verdiskaping. Denne utfordringa har programleiinga tatt fatt i, og programstudien (Magnussen og Sjøfting 2010) viser at samarbeidande aktørar på nasjonalt nivå undervegs i programperioden har fått ei tydeligare forståing av innhaldet i verdiskapingsomgrepet.

Blant dei samarbeidande aktørane blir det også trekt fram at dei opplever at det breie verdiskapingsomgrepet representerer ei ny plattform for samarbeid. Ikkje minst blir dette oppfatta som at kulturminnefeltet har opna seg for samarbeid med andre utviklingsaktørar. Verdiskapingsomgrepet blir sett på som eit omgrep for heilskaplig utvikling av næringar og stader, og det er eit utviklingsomgrep som gjev gjenklang hos andre nasjonale aktørane: Det breie verdiskapingsomgrepet representerer eit viktig reiskap for nasjonale aktørar med ansvar for lokalt og regionalt utviklingsarbeid. Omgrepet abstraherer og skaper analytiske skilje mellom det som heng saman i den verkelege verda, samstundes som det har ein stor nytteverdi i forhold til å prøve ut, måle og telje.

Då Verdiskapingsprogrammet "Naturarven som verdiskapar" blei sett i verk frå 2009, var det allereie før oppstart etablert eit tett samarbeid med Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet. Frå Miljøverndepartementet si side, som eigar av desse to programma, blei det understreka at her måtte programma finne fram til gode samarbeidsformer som gjorde det mulig å lære av kvarandre. I praksis har dette ført til at programleiinga for kulturarv og naturarv har hatt kontakt ut frå behov, og har diskutert og utveksla røynsler i forhold til utforming og gjennomføring av program. Det meste av samarbeidet har vore praktisk retta, og dreidd seg om å identifisere veikskapar og styrker i dei erfaringane Riksantikvaren har gjort i leiinga av Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet.

⁹¹ Verdiskapingsprogrammet for naturarven er også basert på eit breitt verdiskapingsomgrep, og har tatt i bruk mykje av den same metodikken og arbeidsforma knytt til utvikling av forståing og innhald i omgrepet.

⁹² Sjå note 93 for nærare informasjon om kva nasjonale aktørar/samarbeidande aktørar det her blir vist til

7.5 SAMARBEID OM LOKAL UTVIKLING

Erfaringane frå dei nasjonale utviklingsprogramma⁹³ som på ulik måte har samarbeidd med Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet, er eintydige. Dei ser at det her er eit stort potensiale for samarbeid, men at det trengst organisatoriske grep for å få dette til. Frå dei nasjonale aktørane blir det understreka at "god vilje er ikkje nok", det er behov for noko anna enn gjensidig informasjonsutveksling og innføring i kvarandre sine arbeidsområde. Ein ønskjer seg felles ansvar på nokre område, og eit alternativ som blir lansert er eit konkret nasjonalt samarbeidsprosjekt som forpliktar aktørar på tvers av sektorar og myndighetsgrenser.

Eit anna poeng som blir trekt fram, er behovet for ein nasjonal læringsarena på feltet lokalt utviklingsarbeid. Erfaringane ein har gjort seg, er at dei ulike aktørane er travelt opptatte av "sine" satsingar, og dermed ikkje i tilstrekkelig grad klarer å ta inn over seg potensialet frå andre sine satsingar

Behovet for ein meir permanent arbeidsmetodikk er noko som fleire av dei nasjonale aktørane som arbeider med lokalt utviklingsarbeid trekk fram. Dei understrekar behovet for å syntetisere erfaringar frå nasjonale utviklingsprogram med lokalsamfunn som nedslagsfelt, og på bakgrunn av dette utvikle ein felles og forpliktande arbeidsmetodikk. Dette poenget understrekast i ei rad nyare studiar av lokalt utviklingsarbeid (Borch og Førde 2010, Holm og Villa 2010, Bygdeforskning 2010, Frisvoll et. al 2004).

7.6 OPPSUMMERING

Samarbeidet mellom dei tre sentrale aktørane i gjennomføringa av Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet; Miljøverndepartementet, Riksantikvaren og Norsk Kulturminnefond, har fungert godt. Undervegs i programperioden er det utvikla ei felles forståingsplattform og ein systematisk kommunikasjon. Norsk Kulturminnefond har i tillegg hatt ei viktig rolle i programmet som sikrar av kulturminnefaglig kvalitet.

I programperioden er det tatt initiativ til samarbeid med andre nasjonale aktørar som arbeider med lokal og regional utvikling basert på kultur og naturressursar

⁹³ Her visast det til Verdiskapingsprogrammet for naturarven, programmet Berekraftig reiseliv, programma LUK og Livskraftige kommunar

som Kommunal- og regionaldepartementet, Direktoratet for naturforvaltning, Kommunenes Sentralforbund og Innovasjon Norge. Evalueringa viser at det finst eit stort potensiale for vidare samarbeid med andre nasjonale aktørar med ansvar for lokalt og regionalt utviklingsarbeid.

8. SAMMANFATTANDE VURDERINGAR

8.1 INNLEIING

Dette avsluttande kapitlet summerer opp røynslene frå Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet i forhold til måla for programmet, og målsetjingane som ligg til grunn for evalueringsoppdraget.

8.2 PROGRAMUTFORMING

Korleis Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet har vore utforma, finansiert og administrert, og korleis dette har påverka arbeidet innafor programmet, er eit hovudtema for denne sluttevalueringa. I tillegg har evalueringa gjort vurderingar av i kva grad programplan og programleiing har virka hemmande eller fremmande for lokale prosessar i regi av pilotprosjekta.

Studiar av programnivået viser at Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet i stor grad er blitt sett i verk i forhold til programplanen som ligg til grunn. Pilotprosjekta blir meir tilfredse undervegs i programperioden i forhold til dei faglige ressursane som programmet tilbyr. Pilotprosjekta vurderer dei økonomiske ressursane som programmet tilbyr som knappe. Trulig eksisterer det her eit avvik mellom dei forventningar som finst hos pilotprosjekta, og dei behova Verdiskapingsprogrammet er meint å skulle dekke.

8.3 STYRKING AV SAMARBEID

I kva grad Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet har bidrege til auka samarbeid mellom aktørar på tvers av fag- og myndighetsgrenser, er det andre hovudtemaet for evalueringa.

Arbeidet med å skape ei felles forståing av innhaldet i det breie verdiskapingsomgrepet har vore prioritert frå programleiinga, både i møte med deltakande pilotprosjekt og i møte med andre samarbeidspartar på regionalt og nasjonalt samarbeidsnivå. Gjennom etablering av arenaer for dialog og formidling er det blitt skapt ei ny plattform som gjev grunnlag for eit framtidig styrka samarbeid på tvers av sektorar og nivå.

Blant andre nasjonale aktørar på feltet nærings- og samfunnsutvikling blir dette oppfatta som at kulturminnefeltet har opna seg for samarbeid med andre utviklingsaktørar. Det breie verdiskapingsomgrepet representerer eit viktig reiskap for nasjonale aktørar med ansvar for lokalt og regionalt utviklingsarbeid.

8.4 FORHOLDET TIL ANDRE VERKEMIDDEL OG VERKEMIDDELAPPARAT

I kva grad Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet er godt koordinert med andre verkemiddel, er tredje hovudtema for evalueringa. I dette spørsmålet inngår også ei vurdering av om programmet kan føre til auka vektlegging av kulturarv som viktig samfunnsressurs.

Programleiinga hos Riksantikvaren hadde i første fase av programarbeidet eit sterkt uttrykt ønskje om samarbeid og kontakt med andre delar av verkemiddelapparatet. I det vidare arbeidet har programleiinga tatt fatt i dette, og mellom anna tatt initiativ til ei nasjonal referansegruppe for verkemiddel-samordning, utan at dette har gjeve konkrete resultat.

I programmet er det kome til syne tydelige forventningar frå pilotprosjekta til nasjonal samordning av verkemiddel for utviklingsarbeid basert på kulturminne. Det synes å vere eit klårt behov for å avstemme desse forventningane i forhold til programleiinga sine intensjonar om samordning av verkemiddel på nasjonalt nivå.

Samstundes har evalueringa vist ein tendens til at potensialet for samordning av verkemiddel trulig er større på det regionale nivået enn på det nasjonale. Fleire av pilotprosjekta har aktivt tatt i bruk det mulighetsrommet som eksisterer på regionalt nivå, og skapt arenaer for både samhandling på tvers og samordning av verkemiddel. Føresetnader for at pilotprosjekta skal vere i stand til å ta i bruk dette mulighetsrommet, er knytt til ei tydelig organisatorisk og politisk forankring av prosjektet, i tillegg til tilstrekkelige ressursar i form av kapasitet og kompetanse til å gjennomføre dette arbeidet.

I Verdiskapingsprogrammet er det mange døme på at kulturarven er tatt i bruk som viktig utviklingsressurs, ved at dette har blitt ein del av regionalt plan- og utviklingsarbeid, og ved at kulturminne som ressurs er brakt inn på ordinære regionale utviklingsarenaer.

8.5 ADDISJONALITET

Addisjonalt, det vil seie kva evne Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet har til å utløyse innsats og endra atferd i pilotprosjekt-områda, er eit fjerde hovudtema for evalueringa.

Addisjonalt representerer ei bedriftsøkonomisk tilnærming til effektar av verkemiddel, og blir ofte nytta for å vurdere kor vellykka eller nødvendig bruken av offentlige verkemiddel er. Innsatsaddisjonalt dreiar seg om å måle om dei ressursar som det offentlige bidrar med også utløyser ressursar eller innsats frå lokalsamfunna, eller om dei erstattar slike ressursar eller innsats. Atferdsaddisjonalt inneber å måle om dei ressursar som det offentlige bidreg med utløyser endra atferd i lokalsamfunnet. I denne samanhengen dreiar tilnærminga til addisjonalt seg derfor seg om Verdiskapingsprogrammet si betyding for dei aktivitetar og tiltak som er satt i verk gjennom pilotprosjekta

Oppstartanalysen viste at svært mange av pilotprosjekta hadde klare ambisjonar om å utløyse andre ressursar ut over dei økonomiske ressursane. Desse ambisjonane i stor grad er innfridde. Stadig fleire av pilotprosjekta rapporterer at Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet har fungert som katalysator for å utløyse andre ressursar regionalt og lokalt. Deltaking i Verdiskapingsprogrammet blir oppfatta som eit kvalitetsstempel og bidrar til "å opne dører". Samstundes har Verdiskapingsprogrammet bidrege til kompetanseheving og kunnskapsutvikling blant pilotprosjekta, og gjort dei betre i stand til å utnytte eksisterande verkemiddel.

8.6 VERDISKAPING

Kva effektar Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet har for miljømessig, kulturell, sosial og økonomisk verdiskaping, er det femte hovudområdet for evalueringa.

I forhold til *miljømessig verdiskaping* har Verdiskapingsprogrammet synleggjort ein sterk og klår samheng mellom dei materielle og immaterielle kulturminna og det landskapet kulturminna er ein del av. Det er ein tydelig positiv vekselverknad mellom det å ta vare på kulturminne og å ta vare på landskapskvalitetar.

På området *kulturell verdiskaping* har programmet ført til ei synleggjering av kulturarven som har styrka stadlig identitet og særpreg. Kulturarven er tatt aktivt i bruk i merkevareutforming og omdømmebygging.

I forhold til *sosial verdiskaping* fører istandsetjing av kulturminne til auka lokalt medvit og engasjement. Grad av samarbeid i verdiskapingsarbeidet er stor, og utviklingsarbeidet med utgangspunkt i kulturminna har styrka kjensla av fellesskap på stader. Det er ein tydelig samanheng mellom resultat i form av istandsetjing av kulturminne og lokalt medvit og engasjement. I særleg grad har bruk av immateriell kulturarv hatt tydelige effektar i forhold til å skape lokalt engasjement.

På området *økonomisk verdiskaping* er verdiskapingseffektane mest konkrete og kvantifiserbare. Det er etablert i alt 66 nye private verksemdar, 9 nye offentlege verksemdar og 16 nye frivillige verksemdar. Samla sysselsetjingsvekst i programperioden for bedrifter som har utvida si verksemd, eller etablert ny verksemd, er på 124 årsverk.

Det utvida verdiskapingsomgrepet som ligg til grunn for Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet fokuserer på at kulturarven skal vere ressurs og grunnlag for verdiskaping på det miljømessige, kulturelle, sosiale og økonomiske området. Evalueringa viser at det både på pilotprosjekt- og programnivå har vokse fram ei meir medvite haldning til dei ulike formene for verdiskaping, og til samspelet mellom desse, som gjev breie verdiskapingseffektar. Eit svært tydelig funn er at det over tid vekst fram ei felles forståing av innhaldet i verdiskapingsomgrepet. Programmet har stått for ei utprøving av nye metodar for berekraftig utvikling basert på kulturminne som ressurs. Verdiskapingsprogrammet har opna dører mellom næring og kulturvern, og gjennom det berika begge felt. Programmet har også bidrege til ei utvikling av eit felles språk mellom ulike felt, basert på ei felles fortolking av det breie verdiskapingsomgrepet. Dette språket og omgrepsapparatet det representerer, er kanskje eit av dei viktigaste bidraga programmet kan gje vidare til feltet etter at programmet er slutt.

8.7 BEVARING AV KULTURARVEN

Kva påverknad Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet har hatt på innsatsen for å ta vare på og ta i bruk kulturarven, er det sjette hovudtema i evalueringsarbeidet. Som ein del av dette temaet inngår effektar for materiell og

immateriell kulturarv, samt vurderingar av eventuelle motsetnader mellom vern og bruk.

Kulturminna som er tatt i bruk som ressursar innafor programmet representerer eit breitt spekter av den materielle og immaterielle kulturarven. Det er likevel ein tydelig dominans av bygningar og bygningsmiljø. Alle pilotprosjekta har gjennomført kartleggings- og registreringsarbeid, ei rad søknader om økonomisk støtte til istandsetjing og skjøtsel er innvilga. I alt er det utarbeidd 520 søknader om støtte til istandsetjing, og ved utgangen av 2010 var totalt 310 tiltak ferdigstilte. Pilotprosjekta har eit tydelig fokus på samanhengen mellom materielle og immateriell kulturarv, noko som mellom anna kjem til uttrykk gjennom formidling og interpretasjon. Forholdet mellom bruk og vern, mellom kommersialisering og bevaring har blitt aktualisert undervegs i programmet, mellom anna i realiseringa av konkrete verdiskapingsprosjekt. Tiltaka i programmet har vore med på å "rydde veg" for nytenking og nye løysingar, der ny bruk av kulturarven ikkje går ut over antikvarisk verdi og autensitet.

8.8 KUNNSKAPSDANNING OG LÆRING

Dokumentasjon og synleggjering av den kunnskapsutvikling og læring som skjer i Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet, er sjuande hovudtema i evalueringsarbeidet. Dette dreiar seg både om det lokale, regionale og nasjonale nivået.

Å ta i bruk kulturarven som ressurs for utvikling av samfunn og næringar, representerer for mange aktørar ein ny måte å tenke og arbeide på. Utviklingsarbeid av denne typen er krevjande og tar tid, og ein derfor forvente at konkrete effektar kjem til synes i eit meir langsiktig perspektiv.

Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet har generert ulike typar kompetanse på lokalt og regionalt nivå; kompetanse på istandsetjing, skjøtsel, kulturminnevern og kulturminneforvaltning. Samspelet med Norsk kulturminnefond har vore avgjerande for den kulturminnefaglig kompetansehevinga som har funne stad innafor programmet. I tillegg har programmet bidrege til å utvikle prosess- og prosjektleiarkompetanse.

Samhandlingskompetanse i form av evne og kunnskap til å utvikle nye samarbeidsformer på tvers av sektorar og nivå, er eit anna tydelig sluttresultat frå Verdiskapingsprogrammet. Omgrepet "mellomromskompetanse" er særlig eigna

til å skildre denne forma for kompetanseutvikling. Denne forma for ny samhandlingskompetanse er til stades på både lokalt, regionalt og nasjonalt nivå.

8.9 KVALITETEN PÅ PILOTPROSJEKTA

Kvaliteten på pilotprosjekta⁹⁴ dannar ein viktig føresetnad for dei mulighetene Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet har til å nå sine overordna målsetjingar, og er det åttande hovudtemaet for evalueringa. Kvalitet dreiar seg i denne samanhengen om kva evne pilotprosjekta har til å løyse dei oppgåver ein har gått inn i, bidra til å oppnå målsetjingane til prosjektet, og utløyse lokal innsats.

Gjennom programperioden er kvaliteten på pilotprosjekta blitt styrka når det gjeld føresetnader for oppgåveløysing, grad av måloppnåing og evne til å utløyse lokal innsats. Prosjekta sine evner til å løyse oppgåver er knytt til organisering, forankring, struktur og etablering av samarbeidsrelasjonar. Denne plattformen har det tatt tid å få på plass. Pilotprosjekta har lykkast i å skape lokal oppslutting og engasjement, og har dermed utløyst omfattande lokal innsats i form av sosial og kulturell verdiskaping.

⁹⁴ Vi gjer merksam på at omgrepet kvalitet på pilotprosjekta referer til ei samla vurdering av kvaliteten på dei deltakande pilotprosjekta. Dette omfattar ikkje ei vurdering eller evaluering av kvaliteten til det enkelte pilotprosjekt.

REFERANSAR

Adamsen, L (et.al) (1986): *Vejledning i evaluering*, AKFs forlag, København

Amundsen, A (2007): "Utfordringer med verdiskaping i et kulturarvsperspektiv", i: Omland (et.al) (2007): *Kulturminner og verdiskaping i Norden*, Nordisk workshop Oslo 2.-3.mai 2007, TemaNord 2007:609, Nordisk Ministerråd, København

Asplan Viak (2008): *Atlanterhavsvegen Bud- Kristiansund*, Evalueringsrapport h-08, Asplan Viak, Stavanger

Borch, O.J og A. Førde (red) (2010): *Innovative bygdemiljø*. Ildsjeler og nyskappingsarbeid, Fagbokforlaget, Bergen

Brandtzæg, B.A., P.I Haukeland, T. Magnussen og E. Søfting (2010): *Dybdestudier*, NF-rapport 2/2010, Nordlandsforskning, Bodø

Brandtzæg, B. A. og P.I Haukeland (2011): *Verdiskapingsprogrammet for kulturminner. Årsrapport for 2010 med utviklingstrekk gjennom prosjektperioden*. TF-notat 5/2011 , Telemarksforskning, Bø

Brandtzæg, B. A. og P.I Haukeland (2010): *Verdiskapingsprogrammet for kulturminner. Årsrapport 2009: oppsummering og anbefalinger*. TF-notat 11/2010, Telemarksforskning, Bø

Brandtzæg, B. A. og P.I Haukeland (2009): *Verdiskapingsprogrammet for kulturminner. Årsrapport 2008: oppsummering og anbefalinger*. TF-notat 18/2009, Telemarksforskning, Bø

Brandtzæg, B. A. og P.I Haukeland (2008): *Verdiskapingsprogrammet for kulturminner. Årsrapport 2007: oppsummering og anbefalinger*. TF-notat 11/2008, Telemarksforskning, Bø

Bygdeforskning (2010): *Veileder i lokal samfunnsutvikling*, Norsk Senter for bygdeforskning, Trondheim

Baadsvik, K og K. Daugstad (2003): *Kulturminner og kulturmiljøer som grunnlag for verdiskaping*, NINA/Norsk senter for bygdeforskning, Trondheim

Frisvoll, S (et al) (2004): *Program og satsingar retta mot distriktskommuner og småsamfunn*, notat nr 1/04, Norsk senter for bygdeforskning, Trondheim

Guttormsen, T (2006): *Verdiskaping og verneideologi – sektorinteressenes og kulturminneforvaltningens anvendelse og forståelse av et verdibegrep*, NIKU-rapport 2006, Norsk institutt for kulturminneforskning, Oslo

Haukeland, P. I og B.Brandtzæg (2009): *Den brede verdiskapingen: et bærekraftig perspektiv på natur- og kulturbasert verdiskaping*, TF-notat 20/2009, Telemarksforskning, Bø

Holm, F. E og M. Villa (2010): *Små samfunn tar sats*. Sluttrapport fra følgeevalueringen av regjeringens småsamfunnssatsing, rapport 5/10, Norsk senter for bygdeforskning, Trondheim

Holm, F (et al) (2010): *Hatten av! Prosjektlederrollen i lokale samfunnsutviklingsprosjekter*, rapport 2/10, Norsk senter for bygdeforskning, Trondheim

Krokann, S og A. Nesbakk (2009): *I pilegimenes fotefar: Pilegrimsleden som verdiskapingsprosjekt*, NIKU-rapport 33/2009, Norsk Institutt for Kulturminneforskning, Oslo

Magnussen, T og O. Wiggen (2011): *Sluttevaluering av "Den verdifulle kystkulturen i Nordland"*, NF-rapport under publisering, Nordlandsforskning, Bodø

Magnussen, T og E. Sjøfting (2010): *Evaluering av programnivået i Verdiskapingsprogrammet for kulturminner*, upublisert notat, Nordlandsforskning, Bodø

Magnussen, T, B. A. Brandtzæg, P.I. Haukeland og E. Sjøfting (2009): *Midtvegsevaluering av Verdiskapingsprogrammet for kulturminner*, NF-rapport 2/2009, Nordlandsforskning, Bodø

Magnussen, T og E. Sjøfting (2009): "Kulturminner som regional utviklingsressurs", i: *Plan* nr 5/2009, s 24-29

Magnussen, T (et al) (2008): *Evaluering av programnivået i Verdiskapingsprogrammet for kulturminner*, upublisert notat, Nordlandsforskning/-Telemarksforskning

Magnussen, T (2008): *Mellom næringsutvikling og kulturminneforvaltning – undervegsevaluering av "Den verdifulle kystkulturen i Nordland"*, NF-arbeidsnotat 2008/17, Nordlandsforskning, Bodø

Magnussen, T, B. Brandtzæg, P.I. Haukeland, B.R. Larsen, B. Lindeløv, R. Samuelsen og E. Sjøfting (2007): *Verdiskapingsprogrammet for kulturminner: samlede erfaringer fra oppstartanalyser*, NF-arbeidsnotat 1015/2007, Nordlandsforskning, Bodø

NOU 2002:01: *Fortid former framtid – utfordringer i en ny kulturminnepolitikk*, Miljøverndepartementet

Nypan, T (2003): *Cultural heritage monuments and historic buildings as value generators in a post-industrial economy*, Riksantikvaren, Oslo

Rambøll (2011): *Private eieres erfaringer med verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet*, Rambøll Management, Oslo


Riksantikvaren (2011): *Kulturarv som varer – Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet 2006-2010*

Skogheim, R og G.M. Vestby (2010): *Kulturarv og stedsidentitet*, NIBR-rapport 2010:14, Norsk Institutt for by- og regionforskning, Oslo

St.meld. nr 16 (2004-2005): *Leve med kulturminner*, Miljøverndepartementet

St. meld nr 22 (2004-2005): *Kultur og næring*, Kultur- og kyrkjedepartementet

Wadel, C (1984): *Det skjulte arbeidet*, Universitetsforlaget, Oslo



PUBLIKASJONSLISTE FRÅ EVALUERINGA AV VERDISKAPINGSPROGRAMMET PÅ KULTURMINNEOMRÅDET

2011

Magnussen, T (m.fl) (2011): *Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet- rapport frå sluttevalueringa*, NF-rapport 5/2011, Nordlandsforskning, Bodø.

Brandtzæg, B. A. og P.I Haukeland (2011): Verdiskapingsprogrammet for kulturminner. Årsrapport 2010: oppsummering og anbefalinger. TF-notat 5/2011, Telemarksforskning, Bø.

2010

Brandtzæg, B.A., P.I Haukeland, T. Magnussen og E. Søvting (2010): *Verdiskaping på tvers – dybdestudier blant pilotprosjekter i Verdiskapingsprogrammet for kulturminner*, NF-rapport 5/2010, Nordlandsforskning, Bodø.

Brandtzæg, B. A. og P.I Haukeland (2010): Verdiskapingsprogrammet for kulturminner. Årsrapport 2009: oppsummering og anbefalinger. TF-notat 11/2010, Telemarksforskning, Bø.

Magnussen, T og E. Søvting (2010): *Evaluering av programnivået i Verdiskapingsprogrammet for kulturminner*, upublisert notat, Nordlandsforskning, Bodø.

Haukeland, P. I (2010): *Hammerdalen – en dybdestudie*, TF-notat 25/2010, Telemarksforskning, Bø.⁹⁵

2009

Brandtzæg, B. A. og P.I Haukeland (2009): Verdiskapingsprogrammet for kulturminner. Årsrapport 2008: oppsummering og anbefalinger. TF-notat 18/2009, Telemarksforskning, Bø.

⁹⁵ Studien er gjennomført av Telemarksforskning som eit tilleggsoppdrag til evalueringa

Haukeland, P. I og B. Brandtzæg (2009): *Den brede verdiskapingen: et bærekraftig perspektiv på natur- og kulturbasert verdiskaping*, TF-notat 20/2009, Telemarksforskning, Bø.⁹⁶

Haukeland, P.I. og B. Brandtzæg (2009): "Verdiskaping tuftet på natur- og kulturarven". *Nationen*. 7.5. 2009.⁹⁷

Magnussen, T, B. A. Brandtzæg, P.I. Haukeland og E. Søvting (2009): *Midtvegsevaluering av Verdiskapingsprogrammet for kulturminner*, NF-rapport 2/2009, Nordlandsforskning, Bodø.

Magnussen, T og E. Søvting (2009): "Kulturminner som regional utviklingsressurs", i: *Plan* nr 5/2009, s 24-29.⁹⁸

2008

Brandtzæg, B. A. og P.I Haukeland (2008): Verdiskapingsprogrammet for kulturminner. Årsrapport 2007: oppsummering og anbefalinger. TF-notat 11/2008, Telemarksforskning, Bø.

Magnussen, T (m.fl) (2008): *Evaluering av programnivået i Verdiskapingsprogrammet for kulturminner*, upublisert notat, Nordlandsforskning/-Telemarksforskning.

2007

Magnussen, T, B. Brandtzæg, P.I Haukeland, B.R. Larsen, B. Lindeløv, R. Samuelsen og E. Søvting (2007): Verdiskapingsprogrammet for kulturminner: samlede erfaringer fra oppstartanalyser, NF-arbeidsnotat 1015/2007, Nordlandsforskning, Bodø.

⁹⁶ Arbeidet er utført på bakgrunn av FoU-midler frå Riksantikvaren

⁹⁷ Kronikken er basert på eit arbeid finansiert av FoU-midler frå Riksantikvaren

⁹⁸ Artikkelen er finansiert av stipendmidler frå Nordlandsforskning